

Totalkvikksølv og metylkvikksølv i filet og lever av
brosme fiska i Boknafjorden, samanlikna med
Hardangerfjorden og Lofoten

Av

Knut Arild Grunnaleite

Masteroppgåve i miljøkjemi



Kjemisk Institutt

Universitetet i Bergen

November 2014

Forord

I denne masteroppgåva har det blitt analysert for totalkvikksølv og metylkvikksølv i filet og lever frå brosme fanga i Hardangerfjorden og Boknafjorden, samt frå ein lokalitet i Lofoten. Det praktiske arbeidet med oppgåva er utført ved NIFES (Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatsforskning). Totalkvikksølvkonsentrasjonane blei bestemt med ICPMS, og metylkvikksølvkonsentrasjonane blei bestemt med GC-ICP-IDMS. Denne undersøkinga har vore ein del av eit kartleggingsprosjekt av fremmedstoff i brosme, lange, blålange og andre djupvassfiskar som NIFES utfører på oppdrag frå Mattilsynet som skal vere ferdig i 2016. Undersøkinga har dessutan vore ein del av overvåkinga i Vatsfjorden.

Først og fremst vil eg gjerne takke veiledarane mine Dr. Leif Sæthre, professor ved kjemisk institutt ved Universitetet i Bergen, Dr. Amund Måge, professor II ved universitetet i Bergen og forskingssjef ved NIFES og Dr. Sylvia Frantzen, forskar ved NIFES.

Eg vil òg gjerne få takke:

Trygve Helgesen på båten "Repsøy" som fiska i Boknafjorden, Arve Hersdal som fiska i Vatsfjorden, Ørjan Moe på båten "Ramona" som fiska i Hardangerfjorden og Thomas Andre Sivertsen på båten "T.Sivertsen" som fiska i Lofoten.

Anne Margrethe Aase og alle dei andre som jobbar på prøvemottaket for god opplæring, og hjelp med prøveopparbeiting og frysetørrking.

Edel Erdal for opplæring i våtoppslutting av prøvar i totalkvikksølvmetoden.

Berit Solli og Vivian Mui for hjelp ved analysane av totalkvikksølvprøvane mine.

Stig Valdersnes for hjelp og opplæring i metylkvikksølvmetoden.

Alle andre på grunnstoffsabben som har hjelpt meg og gjort tida på laben triveleg.

Alle studentar på universitetet og ved NIFES som har gjort dei fem åra mine i Bergen til ei god og minneverdig tid.

Onklane og tantene mine i Bergen, og alle andre slektingar som har hjelpt meg med forskjellige ting og vist meg rundt i Bergen då eg var ny i byen.

Foreldra mine, som har støtta meg i desse fem åra.

Bergen, November 2014

Knut Arild Grunnaleite

Samandrag

Det har i lang tid vore kjend at Hardangerfjorden er forureina, spesielt innerst i fjorden. Tidlegare masteroppgåver som er blitt gjort ved NIFES har funne kvikksølvkonsentrasjonar i brosme (*Brosme brosme*) frå Hardangerfjorden langt over EUs grenseverdi for mattrygghet på 0,5 mg kvikksølv per kg filet. Kvikksølvtilestanden i andre fjordar, som til dømes Boknafjorden er ikkje like godt beskriven som den i Hardangerfjorden, og det er behov meir kunnskap om dette området. I denne oppgåva har det blitt fanga i alt 112 brosmer i ulike delar av Boknafjorden, samt eit område i Hardangerfjorden og eit i Lofoten.

Brosmene blei fiska av profesjonelle fiskarar mellom juli 2013 og juni 2014. Fisken blei filetert og lever tatt ut, og deretter blei filet og lever frå kvar fisk homogenisert og homogenatet av filet frysetørka. Prøvane blei deretter analysert for totalkvikksølv på Induktivt kopla plasma massespektroskopi, og for metylvikksølv på gasskromatografisk induktivt kopla plasma isotopfortynning massespektroskopi.

Det blei observert store forskjellar i kvikksølvkonsentrasjon i både filet og lever i brosmer frå dei ulike lokalitetane. I filet varierte den gjennomsnittlege konsentrasjonen av totalkvikksølv frå 0,18 mg/kg i Lofoten til 0,63 mg/kg i Hardangerfjorden. Metylvikksølvkonsentrasjonane i filet frå brosme utgjorde omtrent 100 % av totalkvikksølvkonsentrasjonen, og varierte på same måte som for totalkvikksølv. Totalt har 40 av 112 brosmer ein totalkvikksølvkonsentrasjon i filet som overstig Noreg og EU si grense for lovleg omsetjing på 0,50 mg/kg. Dei gjennomsnittlege konsentrasjonane i lever varierte mellom 0,10 mg/kg og 1,0 mg/kg for totalkvikksølv, og mellom 0,051 mg/kg og 0,29 mg/kg for metylvikksølv. Den gjennomsnittlege total- og metylvikksølvkonsentrasjonen i lever av brosme er lågast i Lofoten, og størst i Hardangerfjorden. Metylvikksølvandelen i lever utgjer i snitt 48 % av totalkvikksølvet, og varierer mellom 12 og 110 %. Den gjennomsnittlege metylvikksølvandelen i lever varierte mellom 39 % og 56 % mellom lokalitetane, med lågast metylvikksølvandel i brosmer frå Hardangerfjorden og høgast i brosmer frå Lofoten. Brosmene av hokjønn har i snitt høgare totalkvikksølvkonsentrasjon i lever enn hannar, men forskjellen er ikkje signifikant. Det blei funne ein signifikant positiv korrelasjon mellom kvikksølvkonsentrasjon i filet og størrelse på brosma. Då lengdefaktoren blei fjerna ved å utføre ei kovariansanalyse med lengde som kovariant, viste det seg at kvikksølvkonsentrasjonen i filet av brosme frå Hardangerfjorden signifikant høgare dei andre brosmene. Lever-muskel indeksane, det vil seie forholdet mellom kvikksølvkonsentrasjonen i filet og lever, var i snitt 0,87. Indeksane varierte mellom 0,22 og 4,7. Den lågaste gjennomsnittlege lever-muskel indeksen blei funne i Vatsfjorden, og den største i Hardangerfjorden. Det blei observert ein trend kor metylvikksølvkonsentrasjonen i levra auka lineært med totalkvikksølvkonsentrasjonen i filet, mens totalkvikksølvkonsentrasjonen i levra auka eksponentielt med konsentrasjonen i filet. Det blei vist at metylvikksølvandelen i lever minka med aukande konsentrasjon av totalkvikksølv i filet og lever.

Det blei vist at den undersøkte lokaliteten i Hardangerfjorden var meir forureina enn Boknafjorden, og at Boknafjorden var meir forureina enn lokaliteten i Lofoten.

Innhaldsliste

| | | |
|----------|---|-------|
| 1 | Innleiing..... | s. 9 |
| 1.1 | Målsetting..... | s. 11 |
| 1.2 | Forkortinger og tekniske uttrykk..... | s. 12 |
| 2 | Teori..... | s. 14 |
| 2.1 | Fysiske og kjemiske eigenskapar til kvikksølv..... | s. 14 |
| 2.2 | Kvikksølv i miljøet..... | s. 15 |
| 2.3 | Toksikologiske effektar av kvikksølv..... | s. 17 |
| 2.4 | Kvikksølv i fisk..... | s. 19 |
| 2.5 | Brosme..... | s. 21 |
| 2.6 | Analyseteknikkar..... | s. 23 |
| 2.6.1 | Induktiv kopla plasma massespektroskopi (ICP-MS)..... | s. 23 |
| 2.6.2 | Standardkurve..... | s. 25 |
| 2.6.3 | Massespektroskopi ved isotop fortynning (IDMS)..... | s. 25 |
| 2.6.4 | Kromatografi og gasskromatografi (GC) | s. 26 |
| 2.6.5 | Gasskromatografi induktiv kopla plasma isotopfortynning..... massespektroskopi (GC-ICP-IDMS) | s. 27 |
| 3 | Metode..... | s. 28 |
| 3.1 | Innsamling av prøvar..... | s. 28 |
| 3.2 | Opparbeiding av fisk..... | s. 30 |
| 3.3 | Frysetørking..... | s. 31 |
| 3.4 | Bestemming av totalkvikksølvkonsentrasjon..... | s. 31 |
| 3.4.1 | Blindoppslutting..... | s. 31 |
| 3.4.2 | Oppløsing av prøve ved våtoppslutting i mikrobølgemn.... | s. 32 |
| 3.4.3 | Standardkurve og standard referanse materiale (SRM)..... | s. 33 |
| 3.5 | Bestemming av metylkvikksølvkonsentrasjon..... | s. 34 |
| 3.6 | Matematiske formlar og statistiske metodar..... | s. 35 |
| 3.6.1 | Matematiske formlar og utrekningar..... | s. 35 |
| 3.6.2 | Statistiske metodar..... | s. 37 |

| | | |
|----------|--|--------|
| 4 | Resultat..... | s. 38 |
| 4.1 | Standard referanseemateriale (SRM) | s. 38 |
| 4.2 | Fysiske og biologiske parametrar av brosmer..... | s. 40 |
| 4.3 | Konsentrasjon av totalkvikksov i filet og lever av brosme..... | s. 46 |
| 4.4 | Konsentrasjon av metylkvikksov i filet og lever av brosme.... | s. 54 |
| 5 | Diskusjon..... | s. 60 |
| 5.1 | Metode..... | s. 60 |
| 5.2 | Fysiske og biologiske parametrar i brosme..... | s. 63 |
| 5.3 | Kvikksovkoncentrasjon i filet..... | s. 66 |
| 5.4 | Kvikksovkoncentrasjon i lever..... | s. 71 |
| 5.5 | Forhold mellom kvikksov i filet og lever..... | s. 73 |
| 5.6 | Samanlikning av kvikksov i brosme og andre fiskeslag frå... ulike delar av kysten | s. 75 |
| 5.5 | Ernæringsmessige aspekt..... | s. 78 |
| 6 | Konklusjonar..... | s. 80 |
| 7 | Kjelder..... | s. 81 |
| 8 | Vedlegg..... | s. 91 |
| 8.1 | Forskjellane i parametrar mellom kjønn ved dei forskjellige... lokalitetane | s. 91 |
| 8.2 | Statistikk..... | s. 94 |
| 8.3 | Fysiske parametrar for enkelt fisk..... | s. 108 |
| 8.4 | Kvikksovkoncentrasjonsdata for enkelt fisk..... | s. 111 |
| 8.5 | HSI plotta mot kvikksovskoncentrasjon i lever..... | s. 116 |

1. Innleiing

Fisk er ei viktig næringskjelde som er rik på protein og feitt som inneholder mykje omega-3 feittsyrer. Dessutan finn ein essensielle mineral som Selen (Se) og jod (I) i fisk, og fiskeoljer er rike vitamin A og D (Coultrap, 2009). Fisk inneholder òg miljøgifter som blant anna kvikksølv. Kvikksølv i fiskefilet består hovudsakleg av metylkvikksølv (CH_3Hg^+) som er den giftigaste og mest biotilgjengelege forma av kvikksølv. Fiskefilet er den største kjelda til denne miljøgiffa i kosten (Clarkson, 2003; Olsvik, et.al, 2013). Kvikksølv som blir slept ut i miljøet kan bli metylert til metylkvikksølv av bakteriar i sedimenta (Celo et.al, 2005), og blir deretter tatt opp i næringskjeda. Kor eksponert fisken er for kvikksølv varierer frå område til område, blant anna på grunn av forureiningsnivå. Stort inntak av metylkvikksølv kan gi negative effektar på sentralnervesystemet (Díez, 2008), og det er derfor viktig å overvake kvikksølvkonsentrasjonane i fisk og sjømat.

Hardangerfjorden er Noregs nest lengste fjord. Fjorden er smal og strekker seg rundt 180 km inn i landet. Innerst i Hardangerfjorden ligg kommunen og bygda Odda, som er eit kjent industriområde. Metallindustri er den største industrien i dette området (snl1). Det har tidlegare vore betydelege utslepp av kvikksølv frå denne industrien (Berg et.al, 2003). Tidlegare studiar har vist at Hardangerfjorden er forureina, og brosme har vist svært høge kvikksølvkonsentrasjonar i filet og lever her (Måge et.al, 2012; Kvangersnes et.al, 2012; VKM, 2005).

Boknafjorden er ein brei fjord med mange sidefjordar og øyer, og er derfor ulik Hardangerfjorden. Det er ingen store kjente forureiningskjelder i Boknafjorden, men det er mistanke om kvikksølvforureining frå eit opphoggingsanlegg som demonterer gamle oljeinstallasjonar for gjenvinning. Opphoggingsanlegget ligg i Vatsfjorden, som er ein av sidefjordane til Boknafjorden. I ein annan sidefjord, Saudafjorden, ligg det eit smelteverk som produserer manganlegeringar (snl2). Byane Stavanger og Sandnes ligg dessutan i den sørlige delen av fjorden, og kan truleg òg ha ei vis miljøpåverknad på fjorden.

Brosme er ein djupvassfisk som er rekna som ein god matfisk, og har ein viss kommersiell betyding. Fleire tidlegare studiar har vist relativt høge kvikksølvkonsentrasjonar i brosme, samanlikna med andre fiskeartar (Kvangarsnes et.al 2012; Måge et.al 2012; Berge et.al, 2007; VKM 2005). Brosmer er relativt stasjonære, og ser derfor ut til å vere ein god indikatorart for kvikksølvforureining. Fisk frå områder med mykje kvikksølvforureining har ofte kvikksølvkonsentrasjonar i lever som er høgare enn konsentrasjonane i filet (Raldúa et.al, 2007; Gonzalez et.al, 2005). Forholdet mellom kvikksølvkonsentrasjonen i filet og lever av fisk (lever-muskel indeks) kan derfor brukast som ein forureiningsindikator. I fleire tidlegare studiar har det blitt spekulert i om metylkvikksølv blir demetylert i lever av fisk, dersom kvikksølvkonsentrasjonen i filet overstig ei vis grense (Havelková et.al, 2008; Gonzalez et.al, 2005). Ved å skaffe meir informasjon om forholdet mellom totalkvikksølv og metylkvikksølv i fiskelever, kan ein komme nærmare ei forståing av ei eventuell demetylering.

1.1 Målsetting

Målsettinga med denne oppgåva er å kartlegge kvikksølvsituasjonen for brosme i Boknafjorden, og samanlikne med brosmer frå Hardangerfjorden som er kjent for kvikksølvforureining, og med brosmer frå ein antatt lite forureina lokalitet i Lofoten. Dette blei oppnådd ved å:

- Analysera og samanlikne konsentrasjonane av totalkvikksølv og metylkvikksølv i filet og lever av brosme frå Boknafjorden, Hardangerfjorden og Lofoten.
- Undersøke forholdet mellom kvikksølvkonsentrasjonen i filet og konsentrasjonen av totalkvikksølv og metylkvikksølv i lever av brosme frå desse områda.
- Beskrive andelen metylkvikksølv av totalkvikksølv i lever av brosme frå dei same områda.

1.2 Forkortinger og tekniske uttrykk

| | |
|-----------------|--|
| Analytt | Den delen av ein prøve som skal bestemast i ei analyse. |
| Brosme | Brosme (<i>Brosme brosme</i>) er ein art av djupvassfisk. |
| ¹³ C | Ein isotop av karbon med 7 nøytron i atomkjernen. |
| CONTAM-panelet | The Panel on Contaminants in the Food Chain |
| EFSA | European food safety authority |
| Et.al | Et alii, latin for 'og andre' |
| EU | Den europeiske union |
| GC-ICP-IDMS | Gasskromatografi-induktiv kobla plasma isotopfortynna massespetrometri. |
| Hg | Kjemisk symbol for kvikksølv. |
| HSI | Hepatosomatisk indeks: $HSI = \frac{levervekt}{Vekt\ heil\ fisk} \times 100$ |
| ICPMS | Induktiv kopla plasma massespektrometri |
| JECFA | Joint FAO/WHO Expert Committee on Food Additives and Contaminants |
| LOD | Lowest Limit of Detection (lågaste deteksjonsgrense). |
| LOQ | Lowest Limit of Quantification (lågaste kvantifiseringsgrense) |

| | |
|--------------------|--|
| LD ₅₀ | Lethal dose (dødeleg dose), den dosen av ei gift som skal til for å ta livet av 50% av ein populasjon. |
| MeHg ⁺ | Kjemisk forkorting for metylkvikksølv |
| MMeHg ⁺ | Kjemisk forkorting for monometylkvikksølv |
| mol | Måleeinheit for antall partikklar. 1 mol = 6×10^{23} partikklar. |
| ¹⁵ N | Ein isotop av nitrogen, med 8 nøytron i atomkjernen. |
| NIFES | Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatsforskning |
| NILU | Norsk Institutt for Luftforskning |
| NIVA | Norsk institutt for vannforskning |
| PTWI | Midlertidig tolerabelt vekleg inntak |
| SD | Standard avvik, eit mål for spreiing i data. |
| Totalkvikksølv | Alle former av kvikksølv i eit organ. |
| tv | Tørrevekt |
| TWI | Tolerabelt vekeleg inntak. |
| VKM | Vitenskapskomiteen for mattryggleik |
| vv | Våtvekt |

2. Teori


2.1 Fysiske og kjemiske eigenskapar til kvikksølv

Kvikksølv er eit grunnstoff som har tre oksidasjonstilstandar, 0, +1 og +2. Tungmetall er definert som stoff med massetettleik større enn 5 g/cm^3 (Järup, 2003), og kvikksølv har ein massetettleik på $13,59 \text{ g/cm}^3$ ved 25°C og 1 atm. (Ellis et. al, 2007) og er derfor definert som eit tungmetall. I det periodiske system finn ein kvikksølv i gruppe 12, med atomnummer 80 og molar masse $200,59 \text{ g/mol}$ (Baird og Cann, 2008). Kvikksølv finnes i tre hovudformer: Metallisk, uorganisk og organisk kvikksølv (Coulteau, 2009), og dei fysiske og kjemiske eigenskapane er avhengig av kva form kvikksølvet er i.

Metallisk kvikksølv består av frie kvikksølvatom i oksidasjonstilstand 0, (Hg^0). I denne forma er kvikksølv ei sølvgrå væske, og ved 1 atm har kvikksølv smeltepunkt og kokepunkt på høvesvis -39°C og 357°C . (Ellis et. al, 2007). Kvikksølv er det einaste metallet som er flytande ved romtemperatur.

Uorganisk kvikksølv består av salt i oksidasjonstilstand +1 og +2 (Baird og Cann, 2008). I oksidasjontilstand +1 har kvikksølvatoma blitt oksidert ved å kvitte seg med eit elektron kvar, og har forma Hg_2^{2+} . Kvikksølv i oksidasjonstilstand +2 finst i forma Hg^{2+} , og har to elektron mindre enn metallisk kvikksølv. Toverdig kvikksølv (Hg^{2+}) kan danna kovalente bindingar med nokre anion. HgCl_2 er til dømes eit molekyl, og ikkje eit salt.

Organisk kvikksølv består av eit kvikksølvatom som er bunde til ei eller to organiske grupper. Det mest kjende dømet på ei organisk kvikksølvsambinding er metylkvikksølv (CH_3Hg^+). Metylkvikksølv er den vanligaste organiske kvikksølvsambindinga i ernæringssamanheng, og ein finn relativt mykje av denne sambindinga i sjømat. Eit anna døme på ein organisk kvikksølvsambinding er thimerosal (figur 2.1) som blir brukt i mange vaksiner for å hindre soppinfeksjonar (Clarkson et. al, 2003). Det finnes mange andre døme på organiske kvikksølvsambindingar, blant anna både etylkvikksølv ($\text{CH}_3\text{CH}_2\text{-Hg}^+$) og



Figur 2.1: Den kjemiske strukturen til thimerosal.

fenylkvikksølv ($C_6H_5-Hg^+$) (Havarinasab og Hultman, 2005; Clarkson, 2002). Organiske kvikksølvsambindingar har generelt lågare LD₅₀ (lethal dose) enn andre kvikksølvsambindingar. Kvikksølv kan danne amalgam med dei fleste andre metall. Eit amalgam er ein løysning eller ei legering som inneheld kvikksølv (Baird og Cann, 2008).

Amalgam blei tidlegare brukt av tannlegar til tannfyllingar, men bruken av denne typen fyllingar har vore forbode sidan 1. januar 2011 (Klima og forurensingsdirektoratet, 2010).

2.2 Kvikksølv i miljøet

Det er både naturlege og menneskeskapte utslepp av kvikksølv til miljøet. Størsteparten av kvikksølvet i miljøet kjem frå naturlege kjelder, og rundt 5200 tonn kvikksølv kjem frå denne typen kjelder (Pirrone, 2010). Forvitring av steinar som inneheld kvikksølv, vulkanutbrot samt avgassingar frå havet og jordoverflata er døme på naturlege kvikksølvkjelder (Havarinasab og Hultman, 2005; Clarkson, 2002). Menneskeskapte kjelder bidrar årleg med utslepp på rundt 2000 tonn kvikksølv globalt (Streets et.al, 2011; Pirrone, 2010; UNEP, 2013), dette kvikksølvet kjem hovudsakleg frå industrielle prosessar og brenning av kol i kolkraftverk (Klima-og forurensingsdirektoratet, 2010). Andre dømer på store kvikksølvkjelder er gullutvinning, kvikksølvutvinning, klor-alkaliproduksjon med kvikksølvteknologi, metallproduksjon, cementproduksjon, kremering og avfallsbehandling. Asia er den verdensdelen med høgast menneskeskapte kvikksølvutslepp, og rundt 50 % av dei globale utsleppa til atmosfæren kjem derifrå (UNEP, 2013). Spesielt i søraust Asia er utsleppa store, og Kina står for rundt 75 % av utsleppa frå søraust Asia. Det finst indikasjonar på at dei årlege globale kvikksølvutsleppa i verda kjem til å auke i åra framover, til tross for reduserte kvikksølvutslepp i Europa, Russland og Nord-Amerika. Dette kjem av auka utslepp av kvikksølv i søraust Asia.

Utsleppa av kvikksølv i Noreg har gått ned dei siste tiåra (Klima- og forurensingsdirektoratet, 2010). I 1985 var dei samla utsleppa av kvikksølv i Noreg på rundt 6 tonn, og i 2008 var dei redusert til 900 kg. Dei viktigaste norske kjeldene for kvikksølvutslepp er metallproduksjon, utslepp til luft frå vegtrafikk og avfalls forbrenningsanlegg. Reduksjonen i kvikksølvutslepp i Noreg skyldast hovudsakleg reduserte utslepp frå petrolyumsindustri, metallurgisk industri og oppsamling av amalgam i avløpsvatnet frå tannlegekontor.

Kvikksølv kan bli transportert frå utlandet til Noreg via luftstraumar og sjøstraumar. I luft blir både metallisk kvikksølv i gassform og uorganisk kvikksølv i partikkelform transportert (Green et.al, 2013). Omrent halvparten av alt kvikksølvet som blir sleppt ut her til lands, blir avsett i Noreg. Likevel kjem størsteparten av kvikksølvet som blir avsett i Noreg frå utlandet. Kvikksølvkonsentrasjonen i norsk jord låg rundt 0,15 mg/kg i år 2000. I vatn frå innsjøar låg kvikksølvkonsentrasjonane omrent mellom 1 og 2 ng/l, mens sedimenta hadde ein kvikksølvkonsentrasjon mellom 0,14 og 0,42 mg/kg. Kvikksølvkonsentrasjonane i mose låg stort sett mellom 40 og 66 µg/kg (Berg et.al, 2003). I ei undersøking utført av NILU i 2012, blei det utført luftmålingar ved Birkenes på Sørlandet, Andøya i Nordnoreg og ved Zeppelinfjellet på Svalbard. Der viste det seg at kvikksølvkonsentrasjonen i luft var høvesvis 1,62, 1,61 og 1,51 ng/m³ (Aas et.al, 2013).

I vatn kan uorganisk kvikksølv bli metylert til metylkvikksølv (Celo, et al., 2005). Metyleringsprosessen kan skje gjennom både biotiske og abiotiske reaksjonar, men kvikksølvet blir hovudsakleg metylert av mikroorganismar. Metyleringa føregår hovudsakleg i overflata på sedimenta (Baird og Cann, 2008), og oksygenfattig vatn, med sur eller nøytral pH bidrar til å drive prosessen. Dersom sulfation (SO_4^{2-}) er tilgjengeleg bidrar dette til auka metylering, medan sulfidion (S^{2-}) derimot bidrar til daning av kvikksølvsulfid (HgS) som ikkje kan metylerast.

2.3 Toksikologiske effektar av kvikksølv

Kvikksølv er eit relativt giftig tungmetall, og ulike former for kvikksølv gir ulike effektar og giftigheit. Når ein samanliknar giftigheita til stoff, brukast ofte LD₅₀ (Lethal Dose / dødeleg dose). LD₅₀ er den mengda av eit stoff som tar livet av 50% av individua i ein populasjon (Baird og Cann, 2008). Kroppsvekt og alder påverkar LD₅₀-verdien (Lin et. al, 1975). Tabell 2.1 viser LD₅₀-verdiane til ei rekke kvikksølvsambindingar.

Tabell 2.1: LD₅₀-verdiane til ei rekke kvikksølvsambindingar for rotter.

| Sambinding: | Type forbinding: | LD ₅₀ (mg/kg kroppsvekt) |
|---------------------------------|---------------------|-------------------------------------|
| Hg ₂ Cl ₂ | Uorganisk einverdig | 210* |
| HgCl ₂ | Uorganisk toverdig | 37* |
| MeHgCl | Organisk | 23,9-39,6 ⁺ |
| Fenyl-Hg-acetat | Organisk | 22* |
| Et-Hg- <i>p</i> -toluen | Organisk | 100* |

*LD₅₀-verdiane er henta frå (UNEP/FAO, 1996).

⁺LD₅₀-verdiane er henta frå Lin F.M. et. al, 1975. LD₅₀-verdien varierer med alderen, dei yngste rottene har høgst LD₅₀ og dei eldste den lågaste. Gjennomsnittleg LD₅₀ for alle alderar var 29,8 mg/kg.

Metallisk kvikksølv utgjer ikkje nokon spesiell ernæringsmessig risiko på grunn av liten absorpsjonsevne (rundt 0,01%) frå mage-tarmkanalen (Aune, 2007). I praksis er det dessutan ingen førekomst av denne kvikksølvforma i næringsmiddel. Metallisk kvikksølv er likevel flyktig, og lungene kan effektivt absorbere opp dampen. Heile 80-90% av dampen kan absorberast ved innanding. Nyrene, hjernen, sentralnervesystemet og det perifere nervesystemet er målorgana til metallisk kvikksølv i menneske (Clarkson et. al, 2003).

Uorganisk kvikksølv er giftig, og gjer først og fremst skade på nyrene og levra (Baird og Cann, 2008). Toverdig kvikksølv er giftigare enn einverdig, og dette kjem truleg av at toverdig kvikksølv er meir lettlyseleg enn einverdig kvikksølv (Aune, 2007). Ved eksponering av toverdig kvikksølv produserer kroppen eit protein, metallothionein, som bind seg til kvikksølv. På denne måten blir kvikksølv uskadeleggjort. Biotilgjengelegheta til uorganisk kvikksølv er låg, berre 5 - 10% av det uorganiske kvikksølvet blir absorbert frå mage-tarmkanalen (WHO, 2011).

Organisk kvikksølv er som nemnt den giftigaste forma av dei ulike kvikksølvformene. Metylkvikksølv blir veldig lett tatt opp i kroppen, og heile 90-95% blir absorbert frå tarmen (VKM, 2005; Aune, 2007). Sentralnervesystemet er målorganet, og for høge inntak av metylkvikksølv kan gi skader på nervesystemet og permanent hjerneskade (Clarkson, T.W. et al, 2003). Dersom sentralnervesystemet ikkje er ferdigutvikla, er det ekstra sårbart for metylkvikksølv. Høge metylkvikksølvdosar kan føre til forstyrring av muskelkontroll (cerebral parese), reduksjon i syns og hørselsansen, og psykisk utviklingshemming (Castoldi et.al, 2001). Mødre kan overføre metylkvikksølv til fosteret under graviditeten og gjennom morsmjølka. Spedbarn som er født av mødrer som har blitt eksponert for mykje metylkvikksølv under graviditeten får ofte fleire negative effektar. Desse effektane omfattar blant anna forandra tonus (normal spenningstilstand til musklane), forandra refleks og cerebral parese, samt at ungane bruker lenger tid på å lære å gå og snakke og gjer det dårlegare på nevrologiske undersøkingar (Díez, 2008; Mergler et.al 2007). Hos vaksne menneske har metylkvikksølv ei halveringstid på rundt 50-70 dagar (VKM, 2005; Baird og Cann, 2008; og Clarkson, 2002).

Joint FAO/WHO Expert Committee on Food Additives and Contaminants (JECFA) har satt ein TWI (tolerabelt vekeleg inntak) for uorganisk kvikksølv lik 4,0 µg/kg kroppsvekt, og ein PTWI (midlertidig tolerabelt vekeleg inntak) på 1,6 µg/kg kroppsvekt for metylkvikksølv (WHO, 2011; EFSA, 2012). EFSA (European food saftey authority) sitt CONTAM panel har etablerte ein TWI på 1,3 µg/kg kroppsvekt, og EFSA kjem truleg til å bruke den nye TWI-en i løpet av 2014 (EFSA, 2012). Dette betyr at ein person på 70 kg kan tolerere eit metylkvikksølvinnntak på 91 µg kvar veke. Til samanlikning kunne ein person på 70 kg tolerere eit inntak på 112 µg metylkvikksølv pr. veke ifølge den gamle PTWI-en.

Det har vore fleire tilfelle av kvikksølvforgifting igjennom historia, og ei av dei mest kjende i moderne tid er Minimata-katastrofa i Japan. I 1950-åra oppdaga ein i dei japanske byane Minimata og Niigata, nevrotiske skader på nyfødde babyar som følgje av at befolkninga åt forureina fisk etter utslepp frå ein kunstgjødselfabrikk (McAlpine og Araki, 1958; WHO, 2011). Det blei funne veldig høge kvikksølvkonsentrasjonar i fisk og skaldyr i området, nokre så høge som 29 mg/kg

(Coulteau, 2009). Metylkvikksølv har ei halveringstid på over eit år i fisk (Amlund et.al, 2007; van Walleghem et.al, 2007). Eit anna døme på kvikksølvforgifting skjedde i Irak i 1972. Korn som var blitt beisa med metylkvikksølv og etylkvikksølv blei brukt til å bake brød, som sidan blei ete (Bakir et.al, 1973). Rundt 500 menneske døyde og rundt 6000 blei sjuke etter denne tragedien. For å forhindre at liknande hendingar skjer igjen, har Noreg og EU satt øvre grenseverdiar for kvikksølvkonsentrasjon for lovleg omsetjing av ulike matvarer (EU, 2006). For dei fleste fiskeslag er denne grensa 0,50 mg/kg, men for nokre få fiskeslag, til dømes kveite, uer, steinbit og breiflabb, er denne grensa heva til 1,0 mg/kg.

2.4 Kvikksølv i fisk

Menneske blir i hovudsak eksponert for kvikksølv gjennom inntak av fisk, kvikksølvfyllingar og vaksinar. Fisk er den viktigaste kjelda for kvikksølv i kosthaldet, men marine pattedyr, til dømes kval, kan også ha høge kvikksølvkonsentrasjonar (Clarkson, 2002; og Clarkson et.al, 2003). Vågekval som er fanga i norske farvatn ser likevel ikkje ut til å ha spesielt høge kvikksølvkonsentrasjonar (Julshamn et.al, 2012).

Ein stor andel av totalkvikksølvet i fiskefilet består av metylkvikksølv, ofte opp mot 100% (Bloom, 1992). Dette ser ein òg i mager fisk, til tross for at metylkvikksølv er meir feittløyseleg enn uorganisk kvikksølv. Dette kjem av at metylkvikksølv har høg affinitet for svovel, og bind seg til thiol-gruppa (SH-gruppa) til aminosyra cystein i fiskemuskel (Harris, et.al 2003; Havarinasab og Hultman, 2005). Ved inntak av fiskefilet er det i hovudsak metylkvikksølv som blir tatt opp i kroppen.

Dersom konsentrasjonen av ei miljøgift i ein organisme aukar gjennom eit livsløp, blir dette fenomenet kalla bioakkumulering (Baird og Cann, 2008; Lundebye, 2001). Dersom kvikksølvkonsentrasjonen aukar oppover i næringskjeda kallast dette for biomagnifisering. Fisk tar dessutan opp miljøgifter frå vatnet gjennom gjellene, og over eit livsløp kallast dette fenomenet biokonsentrasjon.

Kvikksølvkonsentrasjonen i fisk varierer ut frå fleire faktorar, som blant anna art, levevis, alder, størrelse, levetid, trofisk nivå og lokalitet.

Kvikksølvkonsentrasjon varierer mellom artar som følgje av ulike faktorar som blant anna levevis, trofisk nivå, alder og størrelse. Kvikksølvkonsentrasjonen kan variere innanfor ein art, og konsentrasjonane varierar då med alder, trofisk nivå og lokaliteten.

I enkelte artar aukar kvikksølvkonsentrasjonen lettare enn i andre, noko som kjem av variasjon i blant anna trofisk nivå, diett, størrelse og levetid mellom artane. Brosme er eit døme på ein fisk som kan akkumulera relativt høge kvikksølvkonsentrasjonar samanlikna med andre fiskeartar som torsk, sei og sild.

Alder er viktig når ein studerer kvikksølvkonsentrasjonen i fisk. Eldre fisk har akkumulert mykje kvikksølv igjennom eit langt liv, og har derfor generelt høgare kvikksølvkonsentrasjonar enn unge fiskar (Nilsen et.al, 2013a; Nilsen et.al, 2013b; Frantzen et.al, 2009; Chumchal et.al, 2010; Baeyens et.al, 2003; og Baird og Cann 2008). Ettersom størrelsen på fisken aukar med alderen, så vil ofte kvikksølvkonsentrasjonen auke med størrelse (Julshamn et.al, 2013b; Nilsen et.al, 2013b; Nilsen et.al, 2013b; Julshamn et.al, 2013c). Forskjellige fiskeartar har dessutan forskjellig levetid. Fiskar som sjeldan blir eldre enn 3 år, har ofte lågare kvikksølvkonsentrasjonar enn fiskar som kan bli eldre.

Trofisk nivå har mykje å seie for konsentrasjonen av kvikksølv i fisk (McIntyre og Beauchamp, 2007). Fisk som har ein diett beståande av andre dyr eller organismar får auka kvikksølvkonsentrasjonen igjennom biomagnifisering. Rovfisk har derfor ofte høgare kvikksølvkonsentrasjonar enn andre marine organismar som til dømes plankton (Gutiérrez-Mejía et.al, 2009; Baird og Cann, 2008). Dette er blant anna vist i ei undersøking frå islandske farvatn der ^{13}C og ^{15}N isotopane blei brukte til å samanlikna trofisk nivå og kvikksølvkonsentrasjon. Ein fann at fiskar med høgt trofisk nivå som håkjerring, brosme, lange og blålange, hadde høgare kvikksølvkonsentrasjonar enn fiskar med lågt trofisk nivå som raudspette, sei og torsk (McMeans et.al, 2010).


Lokaliteten kor fisken er fanga kan variere i grad av kvikksølvforureining, noko som avgjer kor mykje kvikksølv som kan tatt opp av fiskane (Havelková et.al, 2008). Dette er spesielt viktig for stasjonære fiskeartar som til dømes brosme. Mengda av kvikksølv i sedimenta kan også spele ei rolle. Som nemnt kan kvikksølv bli metylert i sedimenta. Oksygeninnhaldet i vatnet samt pH, SO_4^{2-} -konsentrasjonen og S^{2-} -konsentrasjonen påverkar metyleringa. Dersom kvikksølvet i sedimenta er i ein form som lett kan bli tatt opp av fisken, til dømes metylkvikksølv, så aukar kvikksølvkonsentrasjon til fiskane fortare. Dersom kvikksølvet er i ei form som ikkje kan bli lett tatt opp av fisken, til dømes metallisk kvikksølv, så aukar ikkje kvikksølvkonsentrasjonen lika fort. Til dømes inneheld sedimenta rundt Fedje høge konsentrasjonar av metallisk kvikksølv (Uriansrud et.al, 2006), men fisk derifrå har relativt låge konsentrasjonar i filet (Kvangersnes, 2010; Frantzen et.al 2014).

Etter at kvikksølvet har blitt tatt opp av fisken, fordeler det seg i dei ulike organa. Mesteparten av kvikksølvet i fileten er som nemnt tidlegare metylkvikksølv, og denne andelen kan variere frå 75-100% (VKM, 2005; Bloom, 1992; Olsvik et.al, 2013). Forholdet mellom metylkvikksølv og uorganisk kvikksølv i lever er mindre kjent. I eit eksperiment kor metylkvikksølvkontaminert fôr blei gitt til sebrafisk (*Danio rerio*) over 63 dagar, blei det observert ei auking i dei totale kvikksølvkonsentrasjonane i lever. Den prosentvise andelen metylkvikksølv i lever blei derimot gradvis redusert frå 66 % ved dag 0, til 36 % ved dag 63 (Gonzalez et.al, 2005). Dette tydar på at det føregår ei demetylering av metylkvikksølv i levra (Havelková et.al, 2008; Gonzalez et.al, 2005).

2.5 Brosme

Brosme (*Brosme brosme*) er ein djupvassfisk i torskefamilien (Gadidae). Brosmene oppheld seg nær havbotn mellom 50 og 1000 meter djup. Dei minste fiskane oppheld seg som regel på grunnare vatn, mens dei fleste finst mellom 200-500 meter djup. Brosma er truleg relativ stasjonær, noko som betyr at dei oppheld seg på same plass over lang tid. Leveområda deira strekker seg frå Irland i sør til Svalbard i nord (figur 2.2). I aust finn ein brosmer frå Sør-Noreg og heile vegen nordaust langs kysten til Kolahalvøya i Russland. Brosmene finst òg frå Skottland og nordover til Island, og

deretter vestover til Grønland. Ein finn dessutan brosmer på den nordamerikanske austkysten, frå Labrador (Canada) i nord til Cape Cod (USA) i sør. I Noreg finn ein brosme hovudsakleg på djupt vatn langs eggakanten og i fjordane. Brosma et fisk



Figur 2.2: Utbredelsesområda til brosme.
(Havforskningsinstitutet)

og store krepsdyr som sjøkreps, trollhummar og reker, samt botndyr som børstemark og muslingar. Brosma har ein brunleg farge, og ein lang ryggfinne som dekker heile ryggen og som skiljar den frå andre torskefiskar (figur 2.3). Brosma kan bli opptil 15 kg tung og 1,1 meter lang. Brosmene blir kjønnsmodne ved 6 - 10 års alderen, avhengig av plassen dei oppheld seg. Dei kan truleg bli over 20 år gamle, og nokre kjelder melder at dei kan bli opptil 40 år gamle. Noreg er den største aktøren i brosme fisket og står for omtrent 70 % av fangsten.

Færøyane og Island er døme på andre store aktørar (Helle, 2012; Cohen et.al, 1990; Pethon, 2005). I 2013 fanga norske fiskarar 11 428 tonn brosme, som hadde ein førstehandsverdi på nesten 84 millionar norske kroner (Sandberg og Holmefjord, 2014). Brosma er ein mager fisk som lagrar feitt i levra (Kryvi, 1992). Tidlegare studiar har vist at brosma kan akkumulere høge konsentrasjonar av kvikksølv (Kvangarsnes et.al, 2012; Måge et.al, 2012; Julshamn et.al, 2013a).



Figur 2.3: Brosmer trives nær havbotn, og har ei karakteristisk lang ryggfinne. Bildet blei tatt på Akvariet i Bergen

2.6 Analyseteknikkar




I oppgåva blei to analyseteknikkar brukte, 'Induktivt kobla plasma massespektrometer' (ICPMS), og gasskromatografi (GC) kopla til ein ICP-MS (GC-ICP-MS).

2.6.1 Induktiv kopla plasma massespektroskopi (ICP-MS)

Induktivt kopla plasma massespektroskopi (ICP-MS) kan brukast til kvantitativ analyse av fleire grunnstoff på ein gong, noko som er tidssparande, og gjer det til eit nyttig instrument på eit analyselaboratorium. Dette betyr at ein kan finne den totale mengda av fleire grunnstoff i ein prøve, men i denne oppgåva blei instrumentet berre brukt til å bestemme den totale mengda kvikksølv i prøvane. I ICP-MS blir prøven ført inn og ionisert i eit plasma, og deretter sendt til eit magnetisk felt, kor berre partiklane

med rett masse og ladning kjem igjennom til detektoren (Julshamn et.al, 2007). Kvar gong eit ion treff detektoren blir det produsert ein liten straum, og denne straumen blir registrert som eit treff på ein PC.

Prøven blir injisert som ei væske, som blir frakta vidare ved hjelp av ein bæregass (i denne oppgåva blei argongass brukt), og omdanna til aerosolar av ein forstøvar. Aerosolar er små partiklar av væske eller fast stoff i ein gass. Aerosolane har forskjellige størrelsar, og dei største krev meir energi for å atomiserast. Dei største aerosolane blir derfor selektert vekk i eit spreiingskammer. Dei mindre aerosolane blir ført vidare til 'torch'-en. Før prøven når plasmaet, blir vatnet fjerna slik at det berre er ion igjen (Agilent technologies Inc, 2005; Julshamn et.al, 2007). Torch-en er bygd opp av tre kvartsrøyrr som er konsentriske. Det betyr at dei har same sentrumspunkt, men ulik radius. Rundt torch-en ligg det ein lada spiral, som er kopla til ein radiofrekvens (RF) generator. Når RF-generatoren er slått på, produserer spiralen ein vekslande straum. Dette skaper eit kraftig elektromagnetisk felt ved enden av torchen, som skaper ein høgvoltsgnist, som igjen fører til at nokre argonatom mistar eit elektron. Desse elektrona blir akseleret av magnetfeltet og kolliderer vidare med andre argonatom, som fører til at fleire elektron blir frigjort i ein kjedreaksjon. Plasmaet består derfor av argonatom, argonion og elektron (Thomas, 2001a). Argon har ein av dei høgaste valensioniseringsenergiane i det periodiske systemet (15,8 eV), berre helium, neon og fluor har høgare. Dette betyr at grunnstoff, til dømes kvikksølv, kan bli ionisert etter kollisjonar med argonion (Ar^+), eksiterede argonatom eller energetiske elektron.



Ioniseringa av analytten skjer hovudsakleg ved kollisjonar med elektron, og i mindre grad av kollisjonar med argonion (Harris, 2010; Thomas, 2001a). Etter torchen blir analytten sendt inn i grensesnittområdet, kor trykket går frå ca. 760 torr til ca. 2 torr, for å få til overgangen frå atmosfærisk trykk i plasmaet til vakuum i massespektrometeret (Thomas, 2001b). Nøytrale partiklar blir fjerna, og dei positive

iona blir sendt vidare til ‘kvadrupolen’. Ein kvadrupol består av fire stavar som er parallelle med kvarandre, og genererer eit oscillatorande elektromagnetisk felt. Ion med feil masse-ladningsforhold (m/z -forhold) vil få ein ustabil bane, og kolidere med ein av stavane. Berre ion med rett m/z -forhold vil passera kvadrupolen, og nå detektoren (Pavia et al., 2009). Detektoren som blir brukt er ein ‘elektron multiplikator’, og når eit ion treff overflata til detektoren blir to elektron slått laus. Desse elektrona slår igjen laus to eller fleire elektron når dei treff detektoren, som igjen slår laus enda fleire elektron. Når elektrona når enden på detektoren så registrerer ein PC straumen, og ein får eit signal. Ein finn deretter konsentrasjonen ved hjelp av ei standardkurve.

2.6.2 Standardkurve

Ei standardkurve blir laga ved å analysere standardløysningar, som inneheld ei kjent mengd av analytten (Harris, 2010). Ved å analysere standardløysningane på eit instrument, får ein forskjellige signal for forskjellige konsentrasjonar av analytt. Dersom ein plottar analyttkonsentrasjon mot signal, får ein ei standardkurve. Ved å sette signalet som blei registrert inn i standardkurva kan ein finne konsentrasjonen til prøvar med ukjent analyttkonsentrasjon.

2.6.3 Massespektrometri ved isotopfortynning (IDMS)

I massespektroskopi ved isotopfortynning (IDMS) utnyttar ein forskjellen mellom ei naturleg samansetting av analyttisotopar i ei prøve, og ei kjent unaturleg samansetting av analyttisotopar i ein intern standard. Ein finn isotopsamansettinga i den nye løysninga ved hjelp av massespektrometri, og reknar ut konsentrasjonen.

Isotopfortynning er ein metode brukt for å bestemme mengda av eit stoff i ein prøve. I denne analyseteknikken blir eit massespekter brukt som detektor, men signalet frå detektoren representerer ikkje nødvendigvis mengda eller konsentrasjonen av analytt i prøven, og ein må derfor tilsetje ein intern standard (Harte et al., 2002). Ei løysning av analytt, kor to eller fleire isotopar er unaturleg fordelt kallast ei ‘spike’-løysning.

Den isotoptilsette prøven blir sendt til massespektrometeret, som berre lar ion med eit bestemt masse/ladningsforhold passere eit magnetfelt. På denne måtten blir forholdet mellom dei ulike isotopane bestemt. Frå før veit ein isotopforholdet og den molare massen i spikeløysninga (oppgett frå produsenten) og prøven (det naturlege forholdet av isotopar) (Heumann, et al., 1998). Ettersom ein no veit massen til den innvega prøveløysninga og spikeløysninga som blir analysert, kan ein rekne ut konsentrasjonen av analytten ved hjelp av følgjande formel (Harte et al., 2002):

$$2.5 \quad C_s = C_{sp} \frac{m_{sp}}{m_s} \frac{M_s}{M_{sp}} \frac{A^b_{sp}}{A^a_s} \left(\frac{R_m - R_{sp}}{1 - R_m \cdot R_s} \right)$$

| | | | |
|----------|--------------------------------------|------------|---------------------------------------|
| C_s | Analyttkonsentrasjon i prøven | A^a_s | Prosent av referanseisotop a i prøve |
| C_{sp} | Analyttkonsentrasjon i spikeløysning | A^b_{sp} | Prosent av referanseisotop b i spike |
| m_s | Masse prøve | R_s | Isotop-ratio av isotop a og b i prøve |
| m_{sp} | Masse tilsett spike-løysning | R_{sp} | Isotop-ratio av isotop a og b i spike |
| M_s | Molar masse analytt i prøve | R_m | Målt isotopratio mellom isotop a og b |
| M_{sp} | Molar masse analytt i spikeløysning | | |

2.6.4 Kromatografi og gasskromatografi (GC)

Kromatografi er ein viktig separasjonsmetode i analytisk kjemi. Heilt generelt består eit kromatografisk system av ein stasjonær fase, som kan bestå av både fast stoff eller ei væske, og ein mobilfase som kan bestå av ei væske eller ein gass.

Kromatografiske metodar går ut på å skilje to eller fleire stoff frå kvarandre, ved å utnytte forskjellen i fordelinga til stoffa i den stasjonære fasen og den mobile fasen (Miller, 2009).

Gasskromatografi, ofte forkorta til GC, er ein kromatografisk metode der gass blir brukt som mobil fase. På NIFES blir argon brukt som drivgass, mens kolonna består av fenylmetylsiloksan som stasjonærfase. GC fungerer best på flyktige prøvar, ettersom analytten skal drivast igjennom systemet av ein drivgass (Miller, 2009).

2.6.5 Gasskromatografi induktiv kopla plasma isotopfortynning massespektroskopi (GC-ICP-IDMS)


Prinsippet i denne metoden er å skilje analytten frå dei andre forbindelsane i prøvematriksen med GC, før ein skil dei forskjellige analyttisotopane frå kvarandre med ICP-IDMS.

Prøven blir injisert og varma opp. Drivgassen fører analytten til kolona, kor dei forskjellige sambindingane blir skilde frå kvarandre. Analyttane blir deretter sendt vidare til ICP-MS, kor analyttane blir ionisert og detektert. Sidan sambindingane blir separert i GC-en, blir dei ionisert av ICP på forskjellige tidspunkt, og dermed blir dei òg detektert med MS på forskjellige tidspunkt. Når analyttane blir detektert av MS får ein forholdet mellom dei forskjellige isotopane i form av areal i eit kromatogram, og ein kan bruke dette til å finne konsentrasjonen av analyttane i prøven (Miller, 2009).

3. Metode

3.1 Innsamling av prøvar

Til denne masteroppgåva blei det samla inn brosme frå Boknafjorden, Hardangerfjorden og Lofoten (figur 3.1). Brosmene blei prøvetatt i tre områder i Boknafjorden, med ti brosmer frå Vatsfjorden, 28 brosmer frå fem stasjonar i Indre Boknafjord og 23 brosmer brosmer frå tre stasjonar i Ytre Boknafjord (Ryfylke). I Hardangerfjorden blei det fanga 26 brosmer innan ein radius på 5 km ved Steinstøberget. Dessutan blei det fanga 25 brosmer utanfor Lofoten som ‘referanse’, ettersom dette område truleg har lågt forureiningsnivå. Totalt blei det samla 112 brosmer frå alle lokalitetane. Brosmene i Vatsfjorden blei fanga med teiner den 13 juli 2013 på 150-200 meter djup ved Vatsfjordinngangen, mens brosmene frå Ryfylke og Indre Boknafjord blei fanga med garn, line og teiner mellom den 14. og 18. desember 2013 på 40-350 meter djup. Brosmene frå Hardangerfjorden blei fanga med garn og krepseteiner i mars og april 2014 på 150 meter djup, og fiskane frå Lofoten blei fanga med line den 29. juni 2014 på 50-160 meter djup. Fiskinga blei utført av profesjonelle fiskarar i Havforskningsinstituttets kystreferanseflåte, med unnrak av Vatsfjorden , der ein lokal fiskar sto for fiskinga. Brosmene blei frosne heile og sendt til NIFES der dei blei lagra ved - 20°C til dei blei opparbeida.



Figur 3.1: Stasjonane kor det blei fanga brosmer til denne masteroppgåva. Punkta i blått, raudt og lyseblått representerer stasjonane frå høvesvis Ryfylke, Indre Boknafjord og Vatsfjorden i Boknafjorden. Det gule punktet i Hardangerfjorden representerer stasjonen ved Steinstøberget, og det brune punktet representerer stasjonen i Lofoten.

3.2 Opparbeiding av fisk

Dagen før opparbeidinga blei fiskane tatt ut av frysaren til tining (figur 3.2).



Figur 3.2: Brosmene er klare til prøveopparbeiding, etter å ha blitt tint opp over natta.

Vekt og lengde på fiskane blei målt og notert. Lever, gonade (kjønnskjertel) samt otolittane (øyreststeinane) blei tatt ut, og fisken blei filetert. Levra og gonadane blei fjerna ved at buken til brosma blei skore opp med ein skapell, og organa blei skore lause med skapellen. Fileten blei skore laus med ein lang fileteringskniv ved at ein skar ned i brosma like ved brystfinna til ein traff beinet. Deretter skar langs lengda til fisken med kniven parallelt med beinet, heilt til ein kom til halen. Det var ein del filet over ryggrada til fisken, og dette blei skore laus ved at kniven blei pressa ned parallelt med ryggstrada, og deretter skar ein oppover med kniven. Skinnet blei fjerna frå fileten ved at kniven skar ned i fileten til den traff skinnet, som var tjukt og seigt, og deretter skar parallelt med skinnet. Fileten blei skore opp i små bitar og lagra til homogenisering. Med unntak av veldig små fiskar, blei berre ei side av brosma filetert. Kjønnet til fiskane blei bestemt ved å sjå på gonadane: Store raude gonadar betydde hokjønn, mens små 'sener' med små gule posar på betydd hankjønn. Etter

kjønnsbestemminga blei gonadane sendt til ein annan forskar som skulle bestemme modningsstaus. Massen til levra blei bestemt. Filet og lever blei homogenisert kvar for seg ved hjelp av ein food processor. Filet- og leverprøvane blei deretter overførte til prøveglass og prøvebeger, og frose ned. Filetprøvane blei lagra til dei skulle frysetørkast. Lever av brosme innehold veldig mykje feitt, og er derfor ikkje egna til å frysetørking. Dei blei derfor analyserte i vått materiale.

3.3 Frysetørking

Frosne homogeniserte filetprøvar blei frysetørka. Vatnet i fileten gjekk frå faststoff til gassform ved at trykket blei senka til tilnærma vakuum. Dei tørre prøvane blei deretter tatt ut av prøvebegeret og pulverisert, før det blei tømt tilbake til begeret igjen. Vekta av prøvane blei målt før og etter frysetørking. Formel 3.1 blei brukt til å regne ut tørrstoffprosenten i prøven:

$$3.1 \quad Tørrstoffprosent (\%) = \frac{Vekt\ av\ frysetørka\ prøve\ (g) \times 100\%}{Vekt\ av\ våt\ prøve\ (g)}$$

3.4 Bestemming av totalkvikksølvkonsentrasjon

Under denne analysen var målet å finne ut kor mykje kvikksølv det var til saman i prøven. Før analysen på ICP-MS kunne begynne, måtte reaksjonsrøyra vaskast med konsentrert salpetersyre (HNO_3) og hydrogenperoksid (H_2O_2) under høgt trykk og temperatur for å fjerne eventuelle restar frå tidlegare analysar. Prøvane blei løyst opp på same måte, og blei deretter fortynna.

3.4.1 Blindoppslutting

Analysen begynte med blindoppslutting, ein slags vask av teflonrøyra som blei brukt under analysen. Blindeoppsluttinga bestod av å helle 2 ml konsentrert salpetersyre (HNO_3) og 0,5 ml hydrogenperoksid (H_2O_2) oppi røyra. Teflonrøyra blei deretter satt oppi ein mikrobølgemn av typen "Milestone UltraWAVE", og køyrd på programmet

"olje-pyseprogram.mpr". Mikrobølgeomnen auka gradvis temperaturen inne i røyra i 37 minutt, før den avkjølte seg i 25 minutt. Etter avkjølinga blei innhaldet i røyra tømt ut, og deretter skylt i destillert vatn.

3.4.2 Opplysing av prøve ved våtoppslutting i mikrobølgeomn

Etter blindoppsluttinga blei prøvane oppløyste. Først blei 0,5 ml destillert vatn tilsett røyra, før 0,20-0,25 g filet eller leverprøve blei vega inn (figur 3.3). Filetprøven blei overført til røyret ved å veie det inn på eit filterpapir, som sidan blei rulla saman, og brukte til å overføre prøven. Leverprøvane blei overført direkte ved å bruke to spatlar.



Figur 3.3: Prøvane blei lagra i små prøverbeger, før dei blei vege inn i teflonrøyr.

Etter at prøvane var vegne inn blei 2 ml salpetersyre (HNO_3) og 0,5 ml hydrogenperoksid (H_2O_2) tilsett røyra, før ein sette mikrobølgeomnen på "olje-pyseprogram.mpr", slik som for blindoppsluttinga. Innhaldet i røyra blei deretter overført til ein 25 ml kolbe og fortynna med destillert vatn til merket. Den fortynna prøveløysninga blei overført til eit 50 ml røyr for lagring fram til analyse.

3.4.3 Analyse ved ICP-MS

Det blei laga standardløysningar ved å ta ut 10, 20, 50, 100, 200 og 500 µl av 'utgangsløysning'. Utgangsløysinga bestod av ein 'multielementstandard' og 10 mg/L kvikksølvløysning. Multielementstandar bestod av 1000 mg/l Mg, Al, Fe og Zn, 50 mg/l Mn, Cu, As, Se, Sr og Ba, og 10 mg/l V, Cr, Co, Ni, Mo, Pb, Ag, Cd og U. Standardløysningane blei fortynna til 10 ml med 10% HNO₃ (salpetersyre), og i tillegg blei det laga ein standardblankprøve som bestod av 10% HNO₃. Instrumentet blei deretter 'tuna'. Standardkurva og standardblank blei analysert, etterfølgt av prøveblank og standard referanseemateriale (SRM). I analysane blei 1566 B (oyster tissue/østers), tort-2 og tort-3 (lobster hepatopancreas/hummar) brukt som SRM. Dersom SRM-prøvane blei godkjende, blei resten av prøvane analyserte ved ICP-MS, og kvantifiserte ved hjelp av standard kurva.

Metoden hadde ei lågast kvantifiseringsgrensa (LOQ) på 0,005 mg/kg for kvikksølv, og ei lågast grense for detektering (LOD) på 0,01 µg/l. Måleområdet låg mellom 0,005 og 4,6 mg/kg. Måleusikkerheita for kvikksølv var delt opp i tre nivå, og desse uvissene er oppgitt i tabell 5.1 (NIFES, 2013a).

Tabell 3.1: Måleusikkerheit for kvikksølvkonsentrasjonsintervall.

| Konsentrasjonsintervall (mg/kg) | Måleusikkerheit |
|---------------------------------|-----------------|
| 0,005 - 0,05 | 70 % |
| 0,05 - 0,5 | 25 % |
| 0,5 - 4,6 | 20 % |

Kvikksølvkonsentrasjonane som blei målt i denne oppgåva låg mellom 0,038 mg/kg og 5,2 mg/kg, og måleusikkerheita frå denne metoden var derfor 20 og 70 %, avhengig av konsentrasjonen som blei målt.

3.5 Bestemming av metylkvikksølvkonsentrasjon


Prøvane blei veid inn i 15 ml plastrøyr, før spikeløysning av metylkvikksølv blei tilsett. Vekta av spikeløysninga blei notert. Spikeløysninga var ei løysning med ein stor andel ^{201}Hg , men det var òg ^{200}Hg og ^{202}Hg i løysninga. Løysningar på rundt 500, 50 og 5 ng/g spikeløysning blei brukte. Kor mykje spikeløysning som skulle tilsettast blei rekna ut frå mengde av totalkvikksølv i prøven. For å løyse opp prøven blei 3 ml TMAH (tetraMetyl-Ammonium Hydroksyl) tilsett, og prøvane blei sett på rotator over natta.



Figur 3.4: Prøvane blei tilsett tetramethylammoniumhydroksyl og sett på rotator over natta til oppløysing.

Etter at prøvane var blitt oppløyste, blei 1 ml eddiksyre/acetat-buffer med pH 5 tilsett. Dette blei gjort for at ein seinare skulle tilsette eit derivatiseringsreagens som virka best rundt pH 5. Løysninga hadde likevel ikkje pH 5, sidan TMAH er ei sterk base, og 500-560 μl konentrert HNO_3 blei brukt til å justere pH til 5. For å estimere pH i prøven blei pH-papir brukt. Kor mykje salpetersyre som blei brukt var avhengig av

kva matriks prøven innehaldt (filet, lever eller SRM-prøvar, samt små variasjonar i mellom desse). Etter at pH-verdien var justert, blei først 1 ml heksan tilsett og deretter 500 µL av derivatiseringsreagenset natriumtetraetylborat (NaBEt₄). Då skjedde følgande reaksjonar:



Både MeEtHg og Et₂Hg er upolare sambindingar, og ligg i heksanfasen. Prøvane blei sett på sentrifuge, og det meste av heksanfasen blei overført til ein injeksjonsvial (små beholderar) av glass. Prøvane var no klare for analyse, og instrumentet blei kalibrert med Xenon. Prøvane blei deretter analyserte på GC-ICPIDMS.

Metoden var validert i området 0,003 - 5,3 mg/kg, LOD var 0,001 og LOQ var 0,003 mg/kg i tørrstoff. Måleusikkerheten var delt inn i tre konsentrationsintervall, som er gitt i tabell 5.2 (NIFES, 2013b).

Tabell 3.2: Måleusikkerheit for metylkvikksovkkonsentrationsintervall.

| Konsentrationsintervall (mg/kg) | Måleusikkerheit |
|---------------------------------|-----------------|
| 0,003 - 0,03 | 35 % |
| 0,03 - 0,2 | 25 % |
| 0,2 - 5,3 | 10 % |

3.6 Matematiske formlar og statistiske metodar

3.6.1 Matematiske formlar og utrekningar

Kvar matematiske størrelse blei rekna ut for kvar enkelt fisk, og deretter blei gjennomsnittet av størrelsane gitt i tabellane i resultata. Standardavvik og maksimums- og minimumsverdiane blei funne ved å bruke Statistica 12 (Statistica 12, 2013). Dataa for dei matematiske størrelsane for kvar enkeltfisk er vist i vedlegg 8.1, saman med dei fysiske størrelsane.

Hepatosomatisk indeks (HSI) kan brukast som ein indikator på helsesituasjonen til fisk (Larose et. al, 2008). HSI vart rekna ut ved å bruke følgjande formel (Sepúlveda et.al, 2004):

$$3.2 \quad HSI = \frac{\text{Levervekt (g)}}{\text{Vekt av heil fisk (g)}} \times 100$$

Kondisjonsfaktoren beskriv kor tjukk eller tynn ein fisk er, og denne størrelsen blir ofte brukt i oppdrettsnæringa for å avgjere om fisken er klar til å haustast. Dess større kondisjonen er, dess tjukkare er fisken. Kondisjonsfaktoren til ein fisk kan reknast ut ved formel 3.3:

$$3.3 \quad \text{kondisjonsfaktor} = \frac{\text{vekt(g)}}{\text{lengde(cm)}^3} \times 100$$

Når ein studerer kvikksølvkonsentrasjon i fisk brukast av og til Hg lever-muskel indeksen, som ein kan rekne ut ved å bruke formel 3.4 (Havelková et.al, 2008):

$$3.4 \quad Hg \text{ Lever} - \text{muskel indeks} = \frac{\text{Konsentrasjon av Hg i lever}}{\text{Konsentrasjon av Hg i filet}}$$

Lever / muskel indeksen til metylkvikksølv reknast ut med formel 3.5:

$$3.5 \quad MeHg \text{ Lever} - \text{muskel indeks} = \frac{\text{Konsentrasjon av metylkvikksølv i lever}}{\text{Konsentrasjon av metylkvikksølv i filet}}$$

3.6.2 Statistiske metodar

Alle statistiske uttrekningar og testar blei utført ved hjelp av Statistica 12 (Statistica 12; Tulsa, USA). Gjennomsnitt, standardavvik og minimums- og maksimumsverdiar blei rekna ut for dei ulike parametrane. For samanlikning av forskjellige grupper blei Levene's test og residualplot brukt for å sjekke om det var homogene variansar mellom gruppene. Ved homogene variansar blei einvegs variansanalyse (ANOVA) fulgt av Tukey's post hoc test brukt. Dersom det ikkje var homogene variasjonar blei Kruskal-Wallis ikkje-parametriske ANOVA brukt, fulgt av ikkje-parametrisk 'multiple comparison test'.

For å undersøke samanhengar mellom parametrar blei enkel lineær korrelasjon (Pearson correlation) brukt.

Ved samanlikning av forskjellige grupper, kor ein samtidig tok hensyn til ein kovariant som variablane var korrelert med, blei kovariansanalyse (ANCOVA) brukt, variansane var generelt sett ikkje homogene, og konsentrasjonane blei derfor log-transformerte før ANCOVA. For å finne ut kva grupper som eventuelt var signifikant forskjellige blei ANCOVA gjennomført for to og to grupper med bonferroni-korreksjon. Ved bonferroni-korreksjon blir signifikansnivået dividert med antall testar, til dømes vil 10 testar gi eit signifikansnivå $\alpha = 0,05/10 = 0,005$. To og to grupper blei på denne måten samanlikna, og p-verdi blei samanlikna med det korrigerte signifikansnivået. Resultata av desse testane er gitt i vedlegg 8.2.

4. Resultat

4.1 Standard referanseemateriale (SRM)

Alle resultata frå analysane av standard referanseemateriale (SRM) er gitt i tabell 4.1 og 4.2. For totalkvikksølvanalysane blei 1566 B (vev av østers), tort-2 og tort-3 (hummar Hepatopancreas) brukt som SRM. I metylkvikksølvmetoden blei CE 464 (tunfisk) og dorm-3 (fiskeprotein) brukt. Alle gjennomsnittskonsentrasjonane til SRM for totalkvikksølv (tabell 4.1) og metylkvikksølv (tabell 4.2) var innanfor 2 standardavvik frå kontrollkortverdien, bortsett frå 1566 B, men for denne SRM var måleusikkerheita på heile 70 %.

Tabell 4.1: Resultat frå analyse av totalkvikksølvkonsentrasjonen i standard referanseemateriale. Gjennomsnitt av resultata og standardavvik, samt kontrollkortverdi er vist i tabellen. Måleusikkerheten for 'Oyster tissue' er 70 %, og for Tort-2 og Tort-3 er måleusikkerheita 25 %.

| Parallel | Total Hg (mg/kg) | | |
|--------------------|------------------|------------------------|------------------------|
| | NIST 1566 B | NRC Tort-2 | NRC Tort-3 |
| | Oyster tissue | Lobster Hepatopancreas | Lobster Hepatopancreas |
| 1 | 0,0358 | 0,32 | 0,284 |
| 2 | 0,0355 | 0,30 | 0,272 |
| 3 | 0,0359 | --- | 0,278 |
| 4 | 0,0329 | --- | 0,271 |
| 5 | 0,0325 | --- | --- |
| 6 | 0,0324 | --- | --- |
| Gjennomsnitt ± SD: | 0,0342 ± 0,0017 | 0,31 ± 0,01 | 0,276 ± 0,006 |
| Kontrollkortverdi: | 0,0371 ± 0,0013 | 0,27 ± 0,06 | 0,292 ± 0,022 |

Tabell 4.2: Resultat frå analyse av metylkvikkolvkonsentrasjonen i standard referansemateriale. Gjennomsnitt av resultata og standardavvik, samt kontrollkortverdi er vist i tabellen. Måleusikkerheten for tunfiskstandaren er 10 %, og for fiskeproteinstandaren 25 %.

| Parallel | Total Hg (mg/kg) | |
|--------------------|------------------|-------------------------------|
| | ERM CE 464 | NRC Dorm-3 fiskeprotein |
| | Tunfisk | |
| 1 | 5,20 | 0,343 |
| 2 | 5,18 | 0,338 |
| 3 | 5,16 | 0,370 |
| 4 | 5,09 | 0,409 |
| 5 | 5,08 | 0,327 |
| 6 | 5,20 | 0,349 |
| 7 | 5,04 | 0,354 |
| 8 | 5,11 | 0,373 |
| 9 | 5,09 | --- |
| 10 | 5,10 | --- |
| 11 | 5,24 | --- |
| Gjennomsnitt ± SD: | 5,14 ± 0,06 | 0,358 ± 0,026 |
| Kontrollkortverdi: | 5,12 ± 0,16 | 0,355 ± 0,056 |

4.2 Fysiske og biologiske parametrar av brosme

Gjennomsnittslengde og vekt til brosmene som blei fanga var 64 cm og 3,6 kg (tabell 4.3). Det var stor variasjon i størrelsen til brosmene. Den minste brosma var 32 cm og 0,30 kg, og den største var 98 cm og 10 kg. Brosmene som blei fanga i Vatsfjorden hadde ei gjennomsnittslengde på 75 cm, og brosmene frå Ryfylke hadde ei gjennomsnittsvekt på 5,5 kg. Dette var den største gjennomsnittslengda og den største gjennomsnittsvekta som blei observert. Dei minste brosmene kom frå Lofoten, og hadde ei gjennomsnittslengde på 51 cm og ei gjennomsnittsvekt på 1,5 kg. Brosmene frå Boknafjordlokalitetane (Vatsfjorden, Ryfylke og indre Boknafjord) var signifikant lengre og tyngre enn brosmene som var fanga i Hardangerfjorden og Lofoten (figur 4.1). Lengdene og vektene til brosmene frå Boknafjordlokalitetane var ikkje signifikant forskjellige frå kvarandre, og lengdene og vektene til brosmene frå Hardangerfjorden og Lofoten var heller ikkje signifikant forskjellige. Vekta til brosmene auka med lengda (figur 4.2), og viste ein stor signifikant positiv korrelasjon ($r = 0,96$ og $p < 0,0001$). Vekta aukar langt i starten, men ved ei lengde på rundt 70 cm auka vekta relativt fort.


Hannane var i snitt 2 cm lengre og 0,5 kg tyngre enn hoene (vedlegg 8.1, tabell 8.1). Den minste forskjellen mellom kjønna blei funne i Hardangerfjorden, kor hannane i snitt var 1 cm lenger og 5 g lettare enn hoene. Den største forskjellen mellom brosmer av ulikt kjønn blei funne i Ryfylke, kor hannane i snitt var 8 cm lenger og 2,2 kg tyngre. Det var berre signifikante forskjellar i lengde mellom brosmer av ulikt kjønn i Lofoten, mens brosmene av ulikt kjønn frå Ryfylke og Lofoten hadde signifikante forskjellar i vekt. Det var ingen signifikante forskjellar mellom kjønna i størrelse ved dei andre lokalitetane.

Tabell 4.3: Fysiske og biologiske parametrar for brosme frå fem ulike lokalitetar og totalt. Lengde, vekt, levervekt, hepatomatisk indeks (HSI) og kondisjonsfaktor ($\frac{vekt}{lengde^3} \times 100$) for brosmer frå forskjellige lokalitetar og fordellinga mellom kjønna er vist i tabellen. Standardavvik, minimums og maksimums verdiane er gitt for lengde, vekt, levervekt, HSI og kondisjonsfaktor.


| Lokalitet | N | Lengde (cm) ± SD (min-max) | Vekt (g) ± SD (min-max) | Lever vekt (g) ± SD (min-max) * | HSI ± SD (min-max) | Kondisjons-faktor (g/cm ³) ± SD (min-max) | Kjønn han/ho (% hannar) |
|------------------|-----|----------------------------|-----------------------------|---------------------------------|----------------------------|---|-------------------------|
| Vatsfjorden | 10 | 75 ± 8 (56-85) | 5400 ± 1700 (2331-7455) | 175 ± 98 (52,4-298,2) | 3,28 ± 1,55 (0,70-5,86) | 1,24 ± 0,14 (1,07-1,46) | 5/5 (50%) |
| Ryfylke | 23 | 73 ± 14 (46-98) | 5500 ± 2700 (1600-9833) | 208 ± 130 (39,4-464,4) | 4,06 ± 2,63 (1,45-13,8) | 1,31 ± 0,22 (1,02-1,91) | 11/12 (49%) |
| Indre Boknafjord | 28 | 71 ± 13 (46-95) | 4800 ± 2700 (1304-10442) | 194 ± 180 (4,6-638,8) | 3,68 ± 1,75 (0,35-7,23) | 1,20 ± 0,13 (0,903-1,43) | 10/18 (36%) |
| Hardangerfjorden | 26 | 56 ± 12 (32-87) | 2100 ± 1600 (297-8093) | 83 ± 120 (1,9-599,1) | 3,14 ± 1,55 (0,62-7,40) | 1,03 ± 0,10 (0,849-1,27) | 20/6 (77%) |
| Lofoten | 25 | 51 ± 7 (40-73) | 1500 ± 760 (575-4180) | 52 ± 37 (12,0-152,4) | 3,21 ± 1,03 (1,81-5,33) | 1,03 ± 0,08 (0,898-1,18) | 13/12 (52%) |
| Alle lokalitetar | 112 | 64 ± 15 (32-98) | 3600 ± 2700 (297-10442) | 136 ± 140 (1,9-636,8) | 3,48 ± 1,76 (0,35-13,8) | 1,15 ± 0,18 (0,849-1,91) | 59/53 (53%) |

*5 levervekter har av ulike grunnar ikkje blitt notert ned.

Lengde heil fisk: KW-H(4;112) = 48,7; p < 0,001
Vekt heil fisk: KW-H(4,112) = 57,1; p < 0,001
Median; Box: 25%-75%; Whisker: Non-Outlier Range



Figur 4.1: Figuren samanliknar lengde og vekt av brosmene frå dei ulike lokalitetane. Dataa er presentert som eit boksplott, der median, 25% og 75% prosentilane og uteliggjargrensa er gitt. Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige. Resultata frå Kruskal Wallis er vist.




Figur 4.2: Lengda av heil fisk (cm) plotta mot vekta av heil fisk (g) for alle lokalitetane totalt.

Resultatet av lineær korrelasjon er vist.

Gjennomsnittsvekta til brosmelevrane var 136 g (tabell 4.3). Det var stor variasjon i levervektene, den lettaste levra vog 1,9 g, og den tyngste vog 637 g. Levrane reflekterte størrelsen til fiskane, og det er derfor meir interessant å studere den hepatosomatiske indeksen (HSI). Brosmene hadde ein gjennomsnittleg HSI på 3,48 (tabell 4.3). Variasjonen i HSI mellom brosmene var stor, den lågaste HSI som blei observert var 0,35 og største var 13,8. Brosmene med lågast gjennomsnittleg HSI kom frå Hardangerfjorden, og hadde ei gjennomsnittleg ein HSI på 3,14. I Ryfylke hadde brosmene høgast gjennomsnittleg HSI, og denne låg på 4,06. Det var ingen signifikante forskjellar i HSI mellom brosmene frå dei ulike lokalitetane (figur 4.3). For brosmene frå Indre Boknafjord, Hardangerfjorden og Lofoten var HSI signifikt positivt korrelert med lengda til brosmene (figur 4.4), mens det ikkje var noko samanheng med størrelse i Vatsfjorden og Ryfylke.

Hoene hadde ein gjennomsnittleg HSI som var større enn hannane (vedlegg 8.1, tabell 8.1). Den gjennomsnittlege HSI var høvesvis for hannkjønn og hokkjønn, 3,23 og 3,76. Hoene hadde høgast HSI ved alle lokalitetane bortsett frå ved Lofoten. Det var lågast differanse i gjennomsnittleg HSI mellom kjønna i Hardangerfjorden, kor hannane og hoene hadde gjennomsnittlege HSI på høvesvis 3,02 og 3,48. Den største forskjellen i HSI mellom kjønna blei funne i Ryfylke, kor hannane og hoene hadde HSI-verdiar på høvesvis 3,39 og 4,73. Det blei ikkje funne nokon signifikante forskjellar i HSI mellom kjønna.



Figur 4.3: Figuren samanliknar HSI til brosmene frå dei ulike lokalitetane. Dataa er presentert som eit bokspott, der gjennomsnitt, gjennomsnitt \pm standardfeil og konfidens intervall er gitt. Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige. Resultata frå einvegs variansanalyse er vist.


Vatsfjorden: $y = 3,25 + 0,0004x$; $r = 0,0023$; $p > 0,05$; $r^2 = 0,00$

Ryfylke: $y = 5,78 - 0,024x$; $r = -0,13$; $p > 0,05$; $r^2 = 0,017$

Indre Boknafjord: $y = -0,19 + 0,055x$; $r = 0,42$; $p < 0,05$; $r^2 = 0,18$

Hardangerfjorden: $y = -2,73 + 0,11x$; $r = 0,81$; $p < 0,001$; $r^2 = 0,65$

Lofoten: $y = -1,34 + 0,089x$; $r = 0,64$; $p < 0,001$; $r^2 = 0,41$




Figur 4.4: Hepatosomatisk indeks (HSI) plotta mot lengda (cm) til brosmene ved dei forskjellige lokalitetane. Resultatet av lineær korrelasjon er vist.

Den gjennomsnittlege kondisjonsfaktoren til brosmene var $1,15 \text{ g/cm}^3$ (tabell 4.3).

Den lågaste verdien som blei observert var $0,898 \text{ g/cm}^3$, og den største var $1,91 \text{ g/cm}^3$. Brosmene som blei fanga i Lofoten og Hardangerfjorden hadde begge ein gjennomsnittleg kondisjonsfaktor på $1,03 \text{ g/cm}^3$, som var den lågaste som blei observert. Den gjennomsnittlege kondisjonsfaktoren til brosmene frå Ryfylke var $1,31 \text{ g/cm}^3$, og dette var den høgaste gjennomsnittlege kondisjonsfaktoren av alle lokalitetane. Kondisjonsfaktoren til brosmene frå Boknafjordlokalitetane var signifikanter høgare enn kondisjonsfaktoren til brosmene frå Hardangerfjorden og Lofoten (figur 4.5).

Det var liten forskjellen i kondisjonsfaktorar mellom kjønna. I snitt hadde hannane og hoene ein gjennomsnittleg kondisjonsfaktor på høvesvis 1,13 og 1,15 g/cm³(vedlegg 8.1, tabell 8.1).



Figur 4.5: Figuren samanliknar kondisjonsfaktoren til brosmene frå dei ulike lokalitetane. Dataa er presentert som eit boksplott, der median, 25%-75% prosentilane og uteliggjargrensa er gitt. Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige. Resultata frå Kruskal Wallis er vist.

Kjønnsfordelinga til brosmene i denne oppgåva var 53% hannar, og dei fleste lokalitetane hadde ei kjønnsfordeling som låg rundt 50% av kvart kjønn (tabell 4.3). I Indre Boknafjord var likevel 10 av 28 brosmer (36%) hannkjønn, og i Hardangerfjorden var 20 av 26 brosmer (77%) hannkjønn.

4.3 Konsentrasjon av totalkvikksølv i filet og lever av brosme

Brosmene hadde ein gjennomsnittskonsentrasjon av totalkvikksølv i fileten på 0,47 mg/kg våtvekt (vv) (tabell 4.4), med variasjon frå 0,098 til 1,6 mg/kg vv. Brosma med lågast totalkvikksølvkonsentrasjon i filet, blei fanga ved Lofoten, og brosma med den høgaste totalkvikksølvkonsentrasjonen blei fanga i Hardangerfjorden. Den gjennomsnittlege totalkvikksølvkonsentrasjonen i filet frå Lofoten, var på 0,18 mg/kg, medan brosmene frå Hardangerfjorden hadde totalkvikksølvkonsentrasjonar på 0,63 mg/kg i fileten. Brosmene frå Boknafjordlokalitetane hadde gjennomsnittlege konsentrasjonar som låg mellom desse. Brosmene frå Lofoten hadde signifikant lågare totalkvikksølvkonsentrasjonar i filet enn alle dei andre lokalitetane (figur 4.6), elles var det ingen signifikante forskjellar i totalkvikksølvkonsentrasjonane. Det var generelt sett ikkje nokon forskjell mellom kjønna på totalkvikksølvkonsentrasjon i filet, og den gjennomsnittlege kvikksølvkonsentrasjonen var 0,47 mg/kg for begge kjønn (vedlegg 8.1, tabell 8.2). For brosmene frå Vatsfjorden var det likevel ein vis forskjell mellom kjønna, og hannane og hoene hadde i snitt kvikksølvkonsentrasjonar i filet på høvesvis 0,31 og 0,48 mg/kg. Det var likevel ingen signifikante forskjellar i totalkvikksølvkonsentrasjonen mellom kjønna.


Av 112 brosmer som blei analyserte for totalkvikksølv i filet, hadde 40 (36%) ein konsentrasjon over EU og Noreg si øvre grense på 0,50 mg/kg vv for kvikksølv som gjeld for totalkvikksølv i fiskefilet til humant konsum (tabell 4.4). Lofoten var den einaste av lokalitetane der ingen brosmer hadde kvikksølvkonsentrasjon over grenseverdien. I Ryfylke hadde 14 av 23 brosmer kvikksølvkonsentrasjonar over 0,50 mg/kg, noko som tilsvara 61% av alle brosmene, og dette var den lokaliteten kor flest brosmer oversteig grenseverdien.

Tabell 4.4: Totalkvikksølvkonsentrasjonar i våt vekt for totalkvikksølv og metylvikksølv i filet og lever av brosme, frå fem ulike lokalitetar og totalt. Totalkvikksølv konsentrasjon i lever og filet (mg/kg våtvekt), samt lever-muskel indeks ($\frac{\text{Total Hg i lever}}{\text{Total Hg i filet}}$) med \pm standardavvik for kvar lokalitet. Minste og største verdi for kvar lokalitet er oppgitt i parantes. Antall brosmer som har ein totalkvikksølvkonsentrasjon over EU si grense på 0,5 mg/kg i fileten er ført opp.

| Lokalitet | n | Gjennomsnittleg total-Hg konsentrasjon (mg/kg vv) \pm SD, (min-max) | | Total Hg Lever-muskel indeks \pm SD (min-max) | Antall brosmer med Hg konsentrasjon over 0,5 mg/kg i fileten. |
|-------------------|-----|--|---------------------------------|--|---|
| | | Filet | Lever | | |
| Vatsfjorden | 10 | 0,40 \pm 0,17 (0,18-0,71) | 0,21 \pm 0,18 (0,057-0,58) | 0,50 \pm 0,24 (0,22-0,86) | 2 (20%) |
| Ryfylke | 23 | 0,60 \pm 0,29 (0,13-1,3) | 0,55 \pm 0,58 (0,038-2,2) | 0,78 \pm 0,50 (0,24-2,2) | 14 (61%) |
| Indre Boknafjord | 28* | 0,52 \pm 0,23 ⁺ (0,18-1,2) | 0,50 \pm 0,50 (0,11-2,3) | 0,81 \pm 0,43 (0,30-1,9) | 14 (50%) |
| Hardangerfjorden | 26 | 0,63 \pm 0,38 (0,17-1,6) | 1,0 \pm 1,3 (0,13-5,2) | 1,4 \pm 1,0 (0,51-4,7) | 10 (39%) |
| Lofoten | 25 | 0,18 \pm 0,07 (0,098-0,39) | 0,10 \pm 0,05 (0,051-0,25) | 0,58 \pm 0,18 (0,38-1,1) | 0 (0%) |
| Alle lokalitetane | 112 | 0,47 \pm 0,31 (0,098-1,6) | 0,52 \pm 0,78 (0,038-5,2) | 0,86 \pm 0,64 (0,22-4,7) | 40 (36%) |

(*) Berre 26 levrar frå indre Boknafjord blei analyserte. Dette kjem av at ei av levrane var for lita, og i ei brosme blei det ikkje funne lever.


(+) Totalkvikksølvkonsentrasjonen som blei funne for ei av brosmene frå Indre Boknafjord var utanfor måleusikkerheitsområde og derfor blei fjerna.



Figur 4.6: Figuren samanliknar konsentrasjonane av totalkvikksølv og metylvikksølv i filet av brosme frå dei ulike lokalitetane. Dataa er presentert som eit boksplott, der median, 25%-75% prosentilane og uteliggjargrensa er gitt. Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige. Resultat frå Kruskal Wallis er vist.

Den gjennomsnittlege totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever var $0,52 \pm 0,78$ mg/kg (tabell 4.4), med store variasjonar. Brosma med lågast totalkvikksølvkonsentrasjon i levra, blei fanga i Ryfylke, og hadde ein konsentrasjon på 0,038 mg/kg. Den høgaste totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever blei målt i ei brosme frå Hardangerfjorden, og var heile 5,2 mg/kg. Brosmene frå Lofoten hadde lågast gjennomsnittleg totalkvikksølvkonsentrasjon i lever av alle lokalitetane, og hadde ein gjennomsnittskonsentrasjon på 0,10 mg/kg. Den gjennomsnittlege totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever av brosme frå Hardangerfjorden var 1,0 mg/kg, noko som var den høgaste av alle lokalitetane. Medianen til brosmene frå Hardangerfjorden var likevel ikkje høgare enn 0,49 mg/kg. Brosmene frå Hardangerfjorden hadde totalkvikksølvkonsentrasjonar i lever som var signifikant høgare enn dei frå både Vatsfjorden og Lofoten (figur 4.7). Brosmene frå Boknafjordlokalitetane hadde signifikant høgare kvikksølvkonsentrasjonar enn brosmene frå Lofoten. Brosmer av hokjønn hadde generelt høgare totalkvikksølvkonsentrasjon i lever enn hannar, og spreiinga var større for hoene. I

snitt hadde hoene og hannane totalkvikksølvkonsentrasjonar i lever som var høvesvis $0,59 \pm 0,92$ og $0,45 \pm 0,63$ mg/kg (vedlegg 8.1, tabell 8.2). I Vatsfjorden var kvikksølvkonsentrasjonane i lever mest like, og hannane og hoene hadde konsentrasjonar på høvesvis $0,14 \pm 0,05$ og $0,29 \pm 0,23$ mg/kg. Brosmene frå Hardangerfjorden hadde den største forskjellen mellom kjønna i kvikksølvkonsentrasjon i lever, og hannane og hoene hadde konsentrasjonar på høvesvis $0,84 \pm 0,90$ og $1,67 \pm 2,10$ mg/kg. Den einaste lokaliteten kor det ikkje var nokon spesielt stor forskjell i kvikksølvkonsentrasjonen i lever mellom kjønna var i Lofoten, kor hoene berre hadde ein kvikksølvkonsentrasjon i lever som var 0,02 mg/kg høgare enn for hankjønn. Det var ingen signifikante forskjellar mellom kjønna i totalkvikksølvkonsentrasjon i lever. Det blei vist at HSI ikkje var korrelert med totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever (vedlegg 8.5, figur 8.1).




Figur 4.7: Figuren samanliknar konsentrasjonane av totalkvikksølv og metylkvikksølv i lever av brosmene frå dei ulike lokalitetane. Dataa er presentert som eit boksplott, der median, 25%-75% prosentilane og uteliggjargrensa er gitt. Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige. Resultata frå Kruskal Wallis er gitt.

Brosmene hadde i gjennomsnitt ein lever-muskel indeks for totalkvikksølv på 0,87, men det var stor variasjon. Den lågaste lever-muskel indeksen blei funne i ei brosme frå Vatsfjorden, og låg på 0,22 (tabell 4.4). Brosma med den høgaste lever-muskel

indeksen kom frå Hardangerfjorden, og låg på 4,7. I dei fleste lokalitetane var totalkvikksølvkonsentrasjonen i filet høgare enn i lever, men i Hardangerfjorden var konsentrasjonen i lever høgare enn i filet. I Hardangerfjorden var den gjennomsnittlege lever-muskel indeksen til brosmene lik 1,4, og dette var den høgaste gjennomsnittlege lever-muskel indeksen av alle lokalitetane. Ved dei andre lokalitetane varierte den gjennomsnittlege lever-muskel indeksen mellom 0,50 og 0,81. Vatsfjorden var den lokaliteten kor brosmene i gjennomsnitt hadde lågast lever-muskel indeks, og utanom broamene frå Hardangerfjorden, var Indre Boknafjord den lokaliteten kor brosmene hadde høgst lever-muskel indeks. Brosmene frå Hardangerfjorden hadde signifikant høgare lever-muskel indeksar enn brosmene frå Vatsfjorden, Ryfylke og Lofoten (figur 4.8). Brosmene av hokjønn hadde generelt høgare lever-muskel indeks enn brosmene av hannkjønn (vedlegg 8.1, tabell 8.3).


I Vatsfjorden var forskjellen mellom kjønna minst, og indeksane til hannane og hoene var høvesvis $0,47 \pm 0,22$ og $0,53 \pm 0,28$. Den største forskjellen i lever-muskel indeks mellom kjønna blei funne i Hardangerfjorden, kor hannane og hoene hadde indeksar på høvesvis $1,19 \pm 0,46$ og $1,97 \pm 1,79$.



Figur 4.8: Figuren samanliknar lever-muskel indeksane for totalkvikksølv og metylkvikksølv i brosme frå dei ulike lokalitetane. Dataa er presentert som eit boksplott, der median, 25%-75% prosentilane og uteliggjargrensa er gitt. Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige. Resultata frå Kruskal Wallis vist for lever-


muskelindeksen for totalkvikksølv, og resultata av einvegs variansanalyse er vist for lever-muskelindeksen for metylvikksølv.

Den totale kvikksølvkonsentrasjon i filet var signifikant positivt korrelert med lengda til brosma (figur 4.9), noko som betyr at ein del av variasjonen i totalkvikksølvkonsentrasjon i filet skuldast fiskens lengde og størrelse. Brosmene frå Lofoten viste svakast korrelasjon mellom lengde og totalkvikksølvkonsentrasjon i filet ($r = 0,56$ og $p < 0,01$), og brosmene frå Hardangerfjorden var sterkest korrelert ($r = 0,77$ og $p < 0,001$). Alle regresjonslinjene kryssa kvarandre omtrent ved det same punktet ($x = 30$), bortsett frå kurva til Vatsfjorden som kryssa x-aksen omtrent ved $x = 46$. Hardangerfjorden hadde den høgaste stigningskoeffisienten på 0,025, og dermed den sterkeste aukinga i totalkvikksølvkonsentrasjon med aukande lengde. Figur 4.9 viser dessutan at brosmene frå Hardangerfjorden hadde dei høgaste kvikksølvkonsentrasjonane ved alle lengdene. Lofoten hadde den lågaste stigningskoeffisienten, på 0,0056.




Figur 4.9: Konsentrasjon av totalkvikksølv i filet plotta mot lengda av heil fisk for kvar enkelt lokalitet. EU si grense for kvikksølv i filet på 0,50 mg/kg er markert med ei brun linje. Resultata for lineær korrelasjon er vist.

Ettersom lengda var korrelert med total kvikksølvkonsentrasjonen i filet, blei det utført ein kovariansanalyse (ANCOVA) for den logaritmetransformerte totalkvikksølvkonsentrasjonen i filet med lengde som kovariant. Resultatet av ANCOVA viste at kvikksølvkonsentrasjonane i filet til brosme frå Hardangerfjorden var signifikant høgare enn konsentrasjonane til brosmene ved alle dei andre lokalitetane (Figur 4.10). Brosmene frå Indre Boknafjord og Ryfylke hadde signifikant høgare totalkvikksølvkonsentrasjonar enn brosmene frå Lofoten.




Figur 4.10: Logaritmen til totalkvikksølvkonsentrasjonen i filet ved dei forskjellige lokalitetane, når lengdefaktoren er tatt hensyn til. 95%-konfidensintervall er markert med blå barar.
 Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige.

Totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever til brosmene frå Indre Boknafjord og Hardangerfjorden var signifikant positivt korrelert med lengda til brosma, men for dei andre lokalitetane var det ingen signifikant korrelasjon (figur 4.11).



Figur 4.11: Konsentrasjonen av totalkvikksølv i lever (mg/kg) plotta mot lengde av heil fisk (cm).
 Resultata av lineær korrelasjon er vist.

Konsentrasjonen av totalkvikksølv i lever var tilnærma eksponensielt korrelert med totalkvikksølvkonsentrasjonen i filet (figur 4.13). Korrelasjonen var signifikant og positiv ($r = 0,79$ og $p < 0,001$). Punkta følger kurva godt, men med aukande total kvikksølvkonsentrasjon i filet, aukar spreieninga i plottet.



Figur 4.13: Konsentrasijsjon av totalkvikksølv (raud) og metylkvikksølv (blå) i lever (mg/kg) plotta mot konsentrasijsjonen av kvikksølv i filet (mg/kg). Resultata av lineær korrelasjon er vist.

4.4 Konsentrasijsjon av metylkvikksølv i filet og lever av brosme

Metylkvikksølvkonsentrasijsjonen i filet utgjorde omrent 100 % av den totale kvikksølvkonsentrasijsjonen i brosmene, med unntak av i Ryfylke kor metylkvikksølvkonsentrasijsjonen i snitt ‘berre’ utgjorde 84 % av totalkvikksølvkonsentrasijsjonen (tabell 4.5). Dermed varierte metylkvikksølvkonsentrasijsjonen på same måte som for totalkvikksølvkonsentrasijsjonen, med signifikant lågare konsentrasijsjon i Lofoten enn ved dei andre lokalitetane (figur 4.6). I gjennomsnitt utgjorde metylkvikksølv 96 % av total kvikksølvkonsentrasijsjonen i filet, men nokre enkeltlokalitetar har oppført ein metylkvikksølvandel på over 100%, noko som skuldast måleusikkerheit i begge metodane som blei brukte. Brosma med den lågaste metylkvikksølvandelen i fileten kom frå Ryfylke, og fileten inneheld 62 % metylkvikksølv. Den høgaste andelen av metylkvikksølv kom frå ei brosme som blei fanga i Indre Boknafjord, og inneheldt 160 % metylkvikksølv. Denne brosma var utanfor måleusikkerheita for metodane, og blei derfor fjerna frå resultata ettersom det truleg har skjedd ein feil under analysa.

Brosma med høgast metylkvikksølvandel som var innanfor måleområdet kom frå Vatsfjorden og hadde ein metylkvikksølvandel på 110 %. Brosmene frå Ryfylke hadde som nemnt ein gjennomsnittleg metylkvikksølvkonsentrasijsjon som utgjorde 84 % av den totale kvikksølvkonsentrasijsjonen i filet, og dette var den lågaste gjennomsnittlege andelen av alle lokalitetane. Den høgaste andelen metylkvikksølv i fileten hadde brosmene frå Hardangerfjorden, kor metylkvikksølv utgjorde i snitt 104 % av den totale kvikksølvkonsentrasijsjonen. Brosmer av hannkjønn hadde i snitt ein metylkvikksølvandel i filet som var høgare enn for hoene, men forskjellen var ikkje signifikant.

Tabell 4.5: Metylkvikksølvkonsentrasijsjon (MMeHg) i lever og filet (mg Hg/kg vv) og prosentvis andel metylkvikksølv i lever og filet (%) samt lever-muskel indeks for metylkvikksølv


(^{Konsentrasijsjon MMeHg i lever}
^{Konsentrasijsjon MMeHg i filet}) for brosme frå fem ulike lokalitetar og totalt. Gjennomsnitt ± standardavvik er vist, og minimums- og maksimumsverdiar er gitt i parantesar.

| Lokalitet | n | MMeHg konsentrasijsjon (mg/kg) ± SD (min-maks) | | Andel MMeHg av total kvikksølv (%) ± SD (min-maks) | | MMeHg Lever-muskel indeks ± SD (min-maks) |
|------------------|-----|--|------------------------------|--|-------------------|--|
| | | filet | lever | filet | lever | |
| Vatsfjorden | 10 | 0,41±0,18 (0,17-0,70) | 0,087±0,027 (0,040-0,14) | 102±7 (90-110) | 56±24 (22-95) | 0,24±0,09 (0,13-0,41) |
| Ryfylke | 23 | 0,50±0,26 (0,11-1,2) | 0,17±0,12 (0,028-0,50) | 84±8 (62-96) | 45±24 (17-110) | 0,36±0,21 (0,15-1,2) |
| Indre Boknafjord | 28* | 0,48±0,21 ⁺ (0,16-1,1) | 0,19±0,13 (0,062-0,51) | 93±13 (80-100) | 48±16 (15-83) | 0,37±0,13 (0,16-0,63) |
| Hardangerfjorden | 26 | 0,65±0,39 (0,18-1,7) | 0,29±0,22 (0,061-0,79) | 104±3 (98-110) | 39±16 (12-70) | 0,43±0,16 (0,21-0,81) |
| Lofoten | 25 | 0,18±0,08 (0,097-0,40) | 0,051±0,017 (0,024-0,089) | 101 ±5 (91-110) | 54±11 (32-69) | 0,30±0,09 (0,16-0,49) |
| Alle lokalitetar | 112 | 0,45±0,30 (0,097-1,7) | 0,17±0,16 (0,024-0,79) | 96±10 (62-110) | 48±18 (12-110) | 0,35±0,16 (0,13-1,2) |


(*) Berre 26 levrar frå indre Boknafjord blei analyserte. Dette kjem av at ei av levrane var for lita, og ei brosme hadde ikkje lever i seg.

(+) Totalkvikksølvkonsentrasijsjonen som blei funne for ei av brosmene frå Indre Boknafjord var utanfor måleusikkerheitsområde og derfor blei fjerna.


Metylkvikksovandelen i lever var lågare enn i filet. Metylkvikksovandelen i lever var i snitt 48 % (tabell 4.5). Brosma med den lågaste andelen metylkvikksov i lever kom frå Hardangerfjorden, med berre 12 %. Den høgaste andelen metylkvikksov i lever hadde ei brosme frå Ryfylke, som inneheldt 110 % metylkvikksov. Brosmene frå Hardangerfjorden hadde den lågaste gjennomsnittlege metylkvikksovandelen i lever, med 39 %. I Vatsfjorden hadde brosmene ein gjennomsnittleg metylkvikksovandel på 56 %, noko som var den høgaste andelen i lever. Metylkvikksovandelen i lever av brosme frå Lofoten var signifikant høgare enn andelen i brosmelever frå Hardangerfjorden (figur 4.14). Andelen metylkvikksov i lever minka ved aukande kvikksovinnhald i filet (figur 4.15), det vil seie at brosmer med høge kvikksovkoncentrasjonar i fileten hadde ein låg prosentandel metylkvikksov i levra. Forholdet viste ein signifikant negativ korrelasjon ($r = -0,50$ og $p < 0,001$). Andelen metylkvikksov i lever minka òg med aukande konsentrasjon av totalkvikksov i lever (figur 4.16). Alle lokalitetane viser ein signifikant negativ korrelasjon. Brosmene av hannkjønn hadde i snitt 3% meir metylkvikksov i lever enn hoene (vedlegg 7.5). Det var likevel ingen signifikant forskjell i metylkvikksovandelen i lever mellom kjønna.



Figur 4.14: Figuren samanliknar andelen metylkvikksov i lever av brosmene frå dei ulike lokalitetane. Dataa er presentert som eit bokspott, der median, 25% og 75% prosentilane og uteliggjargrensa er gitt. Lokalitetar som ikkje er markert med same bokstav er signifikant forskjellige. Resultata frå einvegs variansanalyse er vist.




Figur 4.15: Prosentvis andel av metylkvikksølv i lever (%) plotta mot konsentrasjonen av metylkvikksølv i filet (mg/kg). Resultata av lineær korrelasjon er vist.



Figur 4.16: Prosentvis andel av metylkvikksølv i lever (%) plotta mot konsentrasjonen av total kvikksølv i lever for kvar lokalitet. Resultata av lineær korrelasjon er vist.

Gjennomsnittskonsentrasjonen av metylkvikksølv i brosmelever var 0,17 mg/kg (tabell 4.5). Den brosma med lågast metylkvikksølvkonsentrasjon i levra kom frå Lofoten, og hadde ein metylkvikksølvkonsentrasjon på 0,024 mg/kg. Brosma med høgast metylkvikksølvkonsentrasjon kom frå Hardangerfjorden, og hadde ein konsentrasjon på 0,79 mg/kg. Den lågaste gjennomsnittlege metylkvikksølvkonsentrasjonen i lever blei målt i brosmene frå Lofoten, med eit gjennomsnitt på 0,051 mg/kg. Brosmene frå Hardangerfjorden hadde den høgaste metylkvikksølvkonsentrasjonen i levra, med ein gjennomsnittleg metylkvikksølvkonsentrasjon på 0,29 mg/kg. Brosmene frå Ryfylke, Indre Boknafjord og Hardangerfjorden hadde signifikant høgare metylkvikksølvkonsentrasjonar i lever enn brosmene frå Lofoten (figur 4.7). Metylkvikksølvkonsentrasjonane som blei målt i Hardangerfjorden var dessutan signifikant høgare enn konsentrasjonane som blei målte i Vatsfjorden. Metylkvikksølvkonsentrasjonen auka med aukande kvikksølvkonsentrasjon i filet og hadde ein positiv signifikant korrelasjon ($r = 0,84$ og $p < 0,001$) (Figur 4.13). Totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever auka eksponentsielt med aukande konsentrasjon i filet, og totalkvikksølvkonsentrasjonen auka derfor raskare enn metylkvikksølvkonsentrasjonen. Punkta fylgte korreksjonslinja godt, og det var ikkje stor spreiing. Det var ein korrelasjon mellom metylkvikksølvkonsentrasjonen i filet og lengda til brosmene frå Indre Boknafjord og Hardangerfjorden, men ikkje for dei andre lokalitetane (figur 4.17). Brosmene frå Hardangerfjorden hadde høgare metylkvikksølvkonsentrasjonar enn i levra ved alle størrelsar, enn brosmene frå dei andre lokalitetane. Brosmene av forskjellig kjønn hadde i snitt like metylkvikksølvkonsentrasjonar i lever (vedlegg 8.1, tabell 8.2).



Figur 4.17: Konsentrasjon av metylkvikksov i lever (mg/kg) plotta mot lengda til brosmene (cm). Resultata frå lineær korrelasjon er vist.

Metylkvikksovkoncentrasjonen i filet var høgare enn i lever ved alle lokalitetane (tabell 4.5). Den gjennomsnittlege lever-muskel indeksen for metylkvikksov i brosme var 0,35, med ein variasjon frå 0,13 til 1,2. Den største lever-muskel indeksen blei funne i ei brosme frå Ryfylke, og den minste i ei brosme frå Vatsfjorden. Brosmene frå Vatsfjorden hadde den lågaste gjennomsnittlege lever-muskel indeksen av alle lokalitetane med 0,24, mens brosmene frå Hardangerfjorden hadde den høgaste med 0,43. Lever-muskel indeksane for metylkvikksov i brosme frå Hardangerfjorden var signifikanst større enn indeksane frå Vatsfjorden og Lofoten (figur 4.8). Det var ingen kjønnsforskjell i lever-muskel indeksen til metylkvikksov i lever av brosme (vedlegg 8.1, tabell 8.3).

5. Diskusjon

5.1 Metode

I Boknafjorden blei det tatt prøvar frå tre ulike område: Ryfylke, Indre Boknafjord og Ytre Boknafjord (Ryfylke). Brosmene frå Vatsfjorden blei brukt ved overvakinga i Vatsfjorden i tillegg til denne oppgåva (Frantzen og Måge, 2014). Resultata frå brosmene frå Vatsfjorden skulle i utgangspunktet slås saman med resultata frå brosmene frå Indre Boknafjorden. Det viste seg likevel at det var ein forskjell i kvikksølvkonsentrasjon på brosmer frå desse to lokalitetane, og det blei bestemt at desse lokalitetane skulle holdast fråskilt. Det blei òg fanga brosmer i Hardangerfjorden og i Lofoten. I tidlegare studiar har det blitt målt relativt høge kvikksølvkonsentrasjonar i brosme frå Hardangerfjorden (Måge et.al 2012; Kvangersnes et.al, 2012), og i Lofoten har det tidlegare blitt funne relativt låge kvikksølvkonsentrasjonar i brosme (Beylish og Ruus, 2011). Desse to lokalitetane blei valt for å ha ein lokalitet med antatt låg og høg kvikksølvforureining, slik at brosmene frå Boknafjorden kunne samanliknast med dei.

Brosmene blei fanga på forskjellige årstider, og dette kan ha betydning for resultata. Spesielt resultata for lever kan bli påverka av årstidene, ettersom leverstørelsen aukar og minkar avhengig av mattilgang og gytesesong. Det er lite truleg at resultata for filet var påverka av kva årstid fiskane blei samla.

Mange brosmer hadde magesekken og levra hengande ut av gapet (figur 5.1). Denne feilkjelda kunne føre til at fileten blei forureina med uorganisk kvikksølv eller andre miljøgifter som ikkje høyrer naturleg til (i store mengder) i filet av brosme. Dette var noko som gjaldt spesielt dei største brosmene, sidan dette problemet sjeldnare blei observert i små brosmer. Dette kjem truleg av at større brosmer oppheld seg på større djupnar, og trykkforskjellen mellom desse djupa og overflata er så stor at organa blir pressa ut av gapet på fisken. Levera i brosmene bestod av mykje feitt, og dersom det blei holl i levera kunne feittet renne ut over fileten, sjølv utan at levera hang ut av gapet. Det blei i fleire fisk observert korkar i magesekken på fisken. I ei av brosmene blei det ikkje funne noko lever, og denne levra kan ha gått tapt ved at den har fallt ut av gapet på brosma då ho blei fanga. Det var viktig å homogenisere

prøvane, slik at ein ikkje analyserte ein del av prøven med for høg eller for låg kvikksølvkonsentrasjon. Forskjellig utstyr blei brukt for å homogenisere filet og lever. Dette blei gjort for å forhindre forureining mellom filet og lever. Under homogeniseringa blei forskjellige reiskap brukta, blant anna ein food processor og ein slikkepot. Etter kvar homogenisering blei reiskapane skylt med vatn for å hindre forureining mellom prøvane. Under prøveopparbeidinga var ikkje vegefeil ei viktig feilkjelde, ettersom vekta av heil fisk og lever var mykje større enn måleusikkerheita til vektene. På laboratoriet derimot var feil i innveid prøve til analyse ei viktig feilkjelde, som kunne føre til feil i resultatet. Vektene på laboratoriet blei derfor kalibrert kvar morgen for å unngå veiefeil.



Figur 5.1: Magesekken kom ofte ut av gapet på brosmene, men i dette tilfellet kom den ut av gjellene til brosma.

Standardkurva, prøveblank og standard referanse materiale (SRM) blei sjekka før kvar analyse. SRM-prøvane er prøvar som har blitt analysert mange gonger ved forskjellige laboratorier, og fått ein offisiell ‘sann’ verdi. Dersom ein fekk riktige resultat for SRM, så var sannsynlegvis dei andre prøvane òg riktige. SRM-prøvane

blei brukte til å teste treffsikkerheita, og dersom desse prøvane var innanfor ei usikkerheitsgrense på ± 2 standardavvik, blei prøvane køyrd på ICP-MS. For totalkvikksølvanalysane blei 1566 B (Oyster Tissue), Tort-2 og Tort-3 brukt som SRM. Gjennomsnittet til Tort-2 og Tort-3 var begge innanfor eit standardavvik av kontrollkortverdien, mens 1566 B var så vidt utanfor to standardavvik. 1566 B hadde likevel ein totalkvikksølvkonsentrasjon som var i eit måleområde kor måleusikkerheita er på 70 %, og gjennomsnittet var langt innanfor denne 70 % grensa.

Den viktigaste uvissa under totalkvikksølvanalysa var homogeniseringa (NIFES 2013a). Dette gjaldt spesielt for lever, ettersom feittet skilte seg frå resten av levra etter ei stund. Dette betydde at ein før innviing til analyse, måtte røre med ein spatel for å gjere prøven homogen igjen. Kvikksølvkonsentrasjonane som blei målt i denne oppgåva låg mellom 0,038 mg/kg og 5,2 mg/kg, og måleusikkerheita frå denne metoden var derfor 20, 25 og 70 %, avhengig av konsentrasjonen som blei målt.

For metylvikksølvanalysane blei SRM køyrd samtidig med dei andre prøvane, og ein såg først etter analysen om SRM var innanfor usikkerheitsgrensa. I metylvikksølvanalysen blei dorm-3 (fiskeprotein) og CE 464 (tunfisk) brukt som SRM, og gjennomsnittsverdiane var innanfor eit standardavvik frå kontrollkortverdien for begge SRM. For å hindre forureining frå prøvar med høg metylvikksølvkonsentrasjon, til prøvar med låg metylvikksølvkonsentrasjon, blei injektoren vaska med heksan etter kvar 5. prøve på GC-ICPMS. Det blei òg brukt ein blankprøve, og ein prøve beståande av 500 ng Metylvikksølv med naturleg isotopsamansetting. Dei største feilkjeldene ved denne metoden kom frå homogenisering og oppløysing i tetramethylammoniumhydroksid (NIFES, 2013b). Metylvikksølvkonsentrasjonane som blei målt i denne oppgåva låg mellom 0,024 og 1,7 mg/kg. Det betyr at konsentrasjonane låg i alle konsentrasjonsintervalla, og måleusikkerheita var 10, 25 og 35 % avhengig av konsentrasjonen som blei målt.

5.2 Fysiske og biologiske parametrar i brosme

Det var ulik størrelse på fisken, og brosmene frå Boknafjordlokalitetane (Vatsfjorden, Ryfylke og Indre Boknafjord) var signifikant lengre og tyngre enn brosmene frå Hardangerfjorden og Lofoten. Forskjellige fangstmetodar er ei mulig forklaring på denne forskjellen i størrelse. Brosmene blei fanga med line, garn og teiner, og line gir generelt større fisk enn garn, og garn gir generelt større fisk enn teiner. I Hardangerfjorden blei brosmer fanga med garn og krepseteiner, og i følgje fiskaren blei dei fleste brosmene tatt med teinene. Dette kan forklare kvifor brosmene derfrå er små. I Lofoten blei derimot brosmene fanga på line, noko som burde gi større fiskar. I Boknafjorden blei alle fangstmetodane brukte, og dei fleste brosmene derifrå var relativt store. Fangstmetoden er derfor truleg ikkje den einaste faktoren som påverkar brosmestørrelsen. Ei anna mulig forklaring er at djupna kor brosmene blei fiska var annleis i Boknafjorden enn i Hardangerfjorden og Lofoten. Det er nesten berre dei minste brosmene som oppheld seg på grunt vatn (Pethon, 2005), og ein kan derfor forvente at brosmene var størst ved dei største djupa. Fiskane i Lofoten blei fiska mellom 50 og 150 meter djup, noko som var grunnare enn for brosmene frå dei andre lokalitetane. Dette kan forklare kvifor brosmene frå Lofoten var relativt små. I Hardangerfjorden blei brosmene fiska på 150 m djup, og ein kunne derfor forvente større fisk om ein ikkje visste at dei blei fanga med garn og teiner. Brosmene frå Boknafjorden blei fanga på 40 – 350 m djup, og det kan forklare kvifor ein fekk større fisk der. Kombinasjonen av fangstmetode og djupna som fiskane blei fanga på kan derfor forklare kvifor brosmene frå Boknafjordlokalitetane var større enn brosmene frå Hardangerfjorden og Lofoten.

Det blei funne ein forskjell i størrelsen til brosmene mellom kjønna, kor hannane i snitt var større enn hoene. Dette kan kanskje komme av at hoene må bruke mykje energi på å produsere egg til gyting, noko som betyr at det var mindre energi igjen for hoene til å vokse i størrelse. Dette betyr i så fall at forskjellen mellom kjønna burde vere størst for dei største fiskane, ettersom nokre av dei minste fiskane truleg ikkje har nådd kjønnsmoden alder, og produserer derfor ikkje egg enda. I tillegg ville denne trenden hatt betyding over tid, og dei største (og antatt eldre) fiskane ville derfor hatt større forskjellar mellom kjønna. I Vatsfjorden, Ryfylke og Indre Boknafjord, kor

fiskane var størst, blei det observert at brosmene av hannkjønn var høvesvis 4 cm, 8 cm og 8 cm lengre og 0,8 kg, 2,2 kg og 1,8 kg tyngre enn hoene. Brosmene av hannkjønn frå Hardangerfjorden og Lofoten var høvesvis 1 og 6 cm lengre og 0 kg og 0,6 kg tyngre. Dette tyder på at lengdeforskjellen kanskje kjem av at hoene produserer egg. Ei anna mulig forklaring på forskjellen i størrelse er at hoene av genetiske grunnar i snitt er mindre enn hannar, men det er ingen logisk forklaring på kvifor det skulle vere slik.

Brosmene frå Hardangerfjorden blei fanga innan ein radius på 5 km frå Steinostøberget, og hadde ein gjennomsnittleg lengde og vekt på 56 cm og 2,1 kg. NIFES gjorde i 2011 ei undersøking av kvikksølv i brosme frå Hardangerfjorden (Måge et.al, 2012), og brosmene som blei fanga ved Steinostøberget hadde ei gjennomsnittleg lengde og vekt på 65 cm og 2,9 kg. Dette er ein forskjell i gjennomsnitt på 9 cm og 0,8 kg. Brosmene frå desse to studiane er likevel truleg ikkje signifikant forskjellig.

I ein NIVA-rapport frå 2011 blei 15 brosmer fanga litt sør for Lofoten, med ei gjennomsnittleg lengde og vekt på 64 cm og 2,3 kg (Beylish og Ruus, 2011). Brosmene blei fanga i oktober 2011, på 300-450 m djup. I denne masteroppgåva blei det fanga 25 brosmer litt nord for Lofoten, og desse hadde ei gjennomsnittleg lengde og vekt på 51 cm og 1,5 kg. Brosmene blei fanga i juni 2014, på 50-160 m djup. Brosmene i denne oppgåva var litt mindre. Dette kan komme av at stasjonane kor brosmene blei fanga er eit stykke frå kvarandre geografisk, og på ulike djup.

Størrelsen på lever følgde størrelsen på fisken, og det var derfor mest interessant å sjå på dei hepatosomatiske indeksane (HSI). Brosmene frå Hardangerfjorden hadde i gjennomsnitt den lågaste HSI på 3,14, og den høgaste gjennomsnittlege kvikksølvkonsentrasjonen i fillet og lever. Denne HSI-verdien var likevel ikkje mykje lågare enn HSI-verdiane til brosmene frå Vatsfjorden og Lofoten på 3,28 og 3,21, som hadde dei lågaste kvikksølvkonsentrasjonane i filet og lever. Brosmene frå Ryfylke hadde den høgast HSI på 4,06. Ei av brosmene frå Ryfylke hadde likevel ein HSI på 13,82, noko som truleg er ein uteliggjar, og dersom ein reknar ut gjennomsnittet utan denne verdien får ein gjennomsnitts HSI frå Ryfylke på 3,55. Det er dessutan ei uvissa knytt til levervektene, spesielt dei frå Boknafjorden, ettersom

mange av brosmene hadde magesekken og levra ut av gapet då dei blei prøveopparbeida. Noko av levrane kan truleg gått tapt på denne måten, og dermed er nokon av levervektene som har blitt notert ned litt lågare enn det dei eigentleg er. Dette kan forklare kvifor nokre HSI-verdiar var relativt låge. Brosmene blei dessutan fanga på ulike deler av året, og dette kan ha påverka leverstørrelsen. Fleire studiar indikerer at HSI er negativt korrelert med tungmetallkonsentrasjon (Larose et.al, 2008; Norris et.al, 2000). Reduksjonen av HSI kjem av at levercellene mister lipid, og derfor blir levercellene og levra mindre (Larose et.al, 2008). I ein tidlegare studie viste det seg at HSI frå fiskearten 'Walleye' (*Sander vitreus*) var negativt korrelert til kvikksølvkonsentrasjonen i lever (Larose et.al, 2008). Dette forholdet blei ikkje funnet for brosme i denne oppgåva (vedlegg 8.5, figur 8.1), kor HSI og totalkvikksølvkonsentrasjon i lever ikkje var korrelert. Dette kan komme av variasjon mellom artane, og at brosmer ikkje blir like påverka av kvikksølvkonsentrasjonen i levra som 'Walleye'. I tillegg er det truleg andre faktorar som er med på å avgjere leverstørrelsen, til dømes er det beskrive at eksponering av organiske miljøgifter kan bidra til større HSI (van der Oost et.al, 2003). Brosma lagrar dessutan feitt i levra (Kryvi, 1992), så mattilgang, årstider og gytesesong vil òg påverke leverstørrelsen og dermed HSI. I tillegg til desse faktorane såg det ut til at kjønn påverkar HSI og levervekta til brosmene. Hoene hadde i snitt høgare HSI enn hannane ved alle lokalitetar, bortsett frå i Lofoten. Dette kjem truleg av at forskjellen mellom vekta av heil fisk mellom kjønna var større enn forskjellane mellom levervekt.

Brosmene frå Boknafjordlokalitetane hadde signifikant høgare kondisjonsfaktorar enn brosmene som blei fanga i Hardangerfjorden og Lofoten. Det blei vist i figur 4.2 at vekta til korte fiskar auka relativt langsamt, og at vekta auka relativt raskt for lange fiskar. Formelen for kondisjonsfaktor er som nemnt $\frac{vekt}{lengde^3} \times 100$, og ettersom vekta aukar raskare enn lengda i brosmer, auka òg kondisjonsfaktoren med aukande størrelse. Ettersom brosmene frå Hardangerfjorden og Lofoten var signifikant kortare enn brosmene frå Boknafjordlokalitetane, kan dette forklare kvifor kondisjonsfaktoren var lågare i Lofoten og Hardangerfjorden.

Kjønnsfordelinga var omrent 50% av kvart kjønn ved dei fleste lokalitetane. Unntaket var i Hardangerfjorden som hadde ei sterk overvekt av hankjønn (20 hankjønn og 6 hokjønn), og Indre Boknafjord som hadde ei vis overvekt av hokjønn (11 hankjønn og 18 hokjønn). Dette kan vere reint tilfeldig, og av alle dei 112 brosmene som blei analyserte var 59 hankjønn og 53 hokjønn, dette tilsvara 52,7% hankjønn.

5.3 Kvikksølvkonsentrasjon i filet

Konsentrasjonen av totalkvikksølv og metylvikksølvkonsentrasjonane i brosmefilet var tilnærma like. Den gjennomsnittlege prosentvise andelen av metylvikksølv i filet varierte mellom lokalitetane, med eit gjennomsnitt på $96 \pm 10\%$. Dei gjennomsnittlege andelane metylvikksølv i filet av brosme frå dei ulike lokalitetane varierte mellom $84 \pm 8\%$ og $104 \pm 3\%$. Dei gjennomsnittlege metylvikksølvandelen i brosmefilet var omrent 100 % for alle lokalitetane. Brosmene frå Ryfylke var dei einaste som hadde ein metylvikksølvandel som var lågare enn eit standardavvik frå 100 %. Dette passa bra overeins med litteraturen, og ein kunne rekne med at metylvikksølv utgjorde 75 – 100 % av totalkvikksølvkonsentrasjonen i fisk (VKM, 2005; Bloom, 1998). Dette er fordi metylvikksølv bind seg til aminosyra cystein i protein (Harris, et.al 2003). Andelen metylvikksølv i brosmefilet frå Ryfylke var likevel overraskande låg ($84 \pm 8\%$), og dette kan kanskje komme av at fileten blei forureina av uorganisk kvikksølv frå lever under prøveopparbeitinga.

Metylvikksølvandelen i dei andre brosmene utgjorde mellom $93 \pm 13\%$ og $104 \pm 3\%$ av totalkvikksølvet. Brosmefilet frå Vatsfjorden, Hardangerfjorden og Lofoten hadde alle i snitt ein metylvikksølvandel som var høgare enn 100 %, noko som i utgangspunktet ikkje gav meining. Dette kom av målefeil i metodane som blei brukte. Den høgaste metylvikksølvandelen som blei funne i filet var på heile 160%. Denne prøven hadde ei samla måleusikkerheit på 30 %, og var utanfor måleusikkerheitsgrensa. Dei mālte konsentrasjonane av total- og metylvikksølv frå filetprøven med metylvikksølvandel på 160 % blei derfor fjerna frå resultata. Den høgaste metylvikksølvandelen i filet av brosme som blei målt, og ikkje var utanfor den samla måleusikkerheita var på 110%. I ein filetprøve blei det funne ein

prosentvis andel metylkvikksølv på 62 %, og dette var den lågaste metylkvikksølvandelen som blei funne.

Det blei funne ein klar korrelasjon mellom lengde og kvikksølvkonsentrasjon i filet. Tidlegare studiar viste òg korrelasjon mellom størrelse og kvikksølvkonsentrasjon i filet for brosme (Måge et.al 2012; Kvangersnes et.al 2012). Denne korrelasjonen mellom kvikksølvkonsentrasjon i filet og fiskelengde har òg blitt beskrive for andre fiskeartar, som blant anna sei og torsk (Julshamn et.al, 2013c; Nilsen et.al, 2013a; Nilsen et.al, 2013b; Mathieson og McLusky, 1995; Leah, et.al, 1991). Dette kan komme av at eldre (lange) fisk har vore eksponert for kvikksølvet i miljøet lenger enn yngre (korte) fisk, og dermed har eldre fisk generelt høgare kvikksølvkonsentrasjon i filet. I tillegg kan større brosmer fange større byttedyr, som har akkumulert meir kvikksølv enn mindre byttedyr, og dermed aukar kvikksølvkonsentrasjonen fortare. Ei tredje forklaring er at yngre fisk har høgare stoffskifte enn eldre fisk (Gutiérrez-Mejía et.al, 2009; Trudel og Rasmussen, 1997), og dermed aukar ikkje kvikksølvkonsentrasjonen like fort. Hardangerfjorden var lokaliteten kor brosmer hadde høgast gjennomsnittleg total- og metylkvikksølvkonsentrasjon i filet (0,63 og 0,65 mg/kg). Det var likevel ingen signifikante forskjell mellom kvikksølvkonsentrasjonane i brosmefilet frå Ryfylke (0,60 og 0,50 mg/kg), Indre Boknafjord (0,52 og 0,48 mg/kg) eller Vatsfjorden (0,40 og 0,41 mg/kg). Forskjellen i kvikksølvkonsentrasjon i filet av brosmene frå Boknafjordlokalitetane kan komme av ulike sedimentforhold. Konsentrasjonen av sulfat (SO_4^{2-}), sulfid (S^{2-}), og oksygen i vatnet, samt pH er andre døme på faktorar som påverkar metyleringa av kvikksølv i sediment (Baird og Cann, 2008). Ved Fedje er det til dømes mykje kvikksølv i sedimenta (Uriansrud et.al 2006), men kvikksølvkonsentrasjonane i brosme herifrå var relativt låge (Frantzen et.al, 2014). Lokaliteten i Ryfylke ligg nord for Stavanger og Sandnes. Desse områda er relativt tett befolka, og miljøpåverknaden frå desse stadane er truleg stor. Dette kan kanskje forklare kvifor den gjennomsnittlege kvikksølvkonsentrasjonen i Ryfylke var størst av alle Boknafjordlokalitetane. Brosmene frå Boknafjordlokalitetane (Vatsfjorden, Ryfylke og Indre Boknafjord) var signifikant større enn brosmene frå lokaliteten i Hardangerfjorden (Steinstøberget). I ein tidlegare studie blei det analysert for totalkvikksølv i brosme frå Steinstøberget (Måge et.al, 2012), og brosmene i Måge sin studie var større og hadde høgare

kvikksølvkonsentrasjon enn brosmene i denne studien. Dersom brosmene frå lokaliteten i Hardangerfjorden hadde vore like store som brosmene frå Boknafjordlokalitetane, er det derfor mulig at brosmene frå Hardangerfjorden hadde hatt signifikant høyare kvikksølvkonsentrasjon i filet.

Fordi kvikksølvkonsentrasjonen i filet var korrelert med størrelsen på fisken, blei lengdefaktoren fjerna ved å bruke kovariansanalyse med lengde som kovariant. Resultatet viste at brosmene frå Hardangerfjorden hadde signifikant høyare kvikksølvkonsentrasjon i filet, enn brosmene frå dei andre lokalitetane. Det blei òg vist at brosmene frå Ryfylke og Indre Boknafjord hadde signifikant høyare kvikksølvkonsentrasjon i filet enn brosmene frå Lofoten. Brosmene frå Vatsfjorden og Lofoten hedde omtrent like kvikksølvkonsentrasjonar etter kovariansanalysa. At brosmene frå Hardangerfjorden hadde høgast kvikksølvkonsentrasjon i fileten etter å ha korrigert for størrelse, var som forventa. Tidlegare studiar har vist at brosmer frå denne fjorden hadde høge kvikksølvkonsentrasjonar, spesielt innerst i fjorden (Måge et.al, 2012; Kvægarsnes et.al, 2012; VKM, 2005, Olsvik et.al, 2013). Dette tydar på at Boknafjorden er mindre forureina enn den undersøkte lokaliteten i Hardangerfjorden, og meir forureina enn lokaliteten i Lofoten. Det var likevel litt overraskande at brosmene frå Vatsfjorden ikkje hadde kvikksølvkonsentrasjonar i filet som var signifikant høyare enn brosmene frå Lofoten. Dette kan komme av at Vatsfjorden ligg relativt avskjerma frå hovudfjorden, og derfor ikkje er lika forureina som resten av Boknafjorden. Det er blei likevel fanga relativt få brosmer frå Vatsfjorden, og dette betyr at den gjennomsnittlege kvikksølvkonsentrasjonen i filet som blei målt ikkje er like sikker som for brosmene frå dei andre lokalitetane.

Det blei ikkje funne nokon særleg forskjell i total- og metylkvikksølvkonsentrasjonane i filet mellom kjønna, men i Vatsfjorden hadde hoene ein total- og metylkvikksølvkonsentrasjon som i snitt var høvesvis 0,17 og 0,18 mg/kg høyare enn konsentrasjonen til hannane. Dette kjem truleg av at det berre blei prøvetatt 10 brosmer i Vatsfjorden, og dei tre brosmene frå Vatsfjorden som hadde høgast kvikksølvkonsentrasjon i filet var tilfeldigvis av hokjønn. Dette drog derfor opp snittet. Hadde det blitt prøvetatt meir enn 10 brosmer frå Vatsfjorden ville desse brosmene

truleg ikkje påverka snittet på denne måten, og kvikksølvkonsentrasjonane til begge kjønna ville sannsynligvis vore tilnærma like.

Vatsfjorden er ein sidefjord av Yrkjefjorden, og Yrkjefjorden er ein sidefjord av Krossfjorden. Brosmer frå Indre Boknafjord blei fanga ved 5 stasjonar og tre av desse blei fanga ved Yrkjefjorden og Krossfjorden. NIVA har tidlegare gjort kvikksølvanalyser i brosme rundt Vatsfjorden (Kvassnes et.al, 2010; Kvassnes et.al, 2011; Beyer et.al, 2014). Brosmene som blei samla inn til desse analysane blei fanga ved Mula (like sør for Vatsfjordinngangen) og ved Mettenes (i Yrkjefjorden eit stykke aust for Mula). Dei gjennomsnittlege totale kvikksølvkonsentrasjonane i brosme fanga ved Mula var i 2009, 2010 og 2013 høvesvis 0,37 mg/kg, 0,35 mg/kg og 0,43 mg/kg. Brosmene frå Metteneset blei fanga og analysert i 2009, 2010, 2012 og 2013, desse brosmene hadde gjennomsnittlege totale kvikksølvkonsentrasjonar på høvesvis 0,22 mg/kg, 0,27 mg/kg, 0,29 mg/kg og 0,31 mg/kg. Ettersom Mula ligg like ved Vatsfjordinngangen, er det denne lokaliteten som det er mest naturleg å samanlikne resultata frå Vatsfjorden med, og brosmene frå Mula hadde gjennomsnittlege totale kviksølvkonsentrasjonar i filet som passar godt overeins med resultatet på 0,40 mg/kg som blei funne i Vatsfjorden i denne masteroppgåva. Metteneset ligg omtrent på same stad som den eine stasjonen i Indre Boknafjord. Brosmene frå Indre Boknafjord hadde ein gjennomsnittleg totalkvikksølvkonsentrasjon på 0,52 mg/kg i filet, som var klart høgare enn konsentrasjonane av totalkvikksølv som var målt ved Metteneset. I den første NIVA-rapporten (Kvassnes et.al, 2010), blei dessutan metylkvikksølvkonsentrasjonen i filet av brosme bestemt. Brosmene frå Mula hadde i 2009 ei gjennomsnittleg metylkvikksølvkonsentrasjon på 0,40 mg/kg, som passar godt overeins med metylkvikksølvkonsentrasjonen på 0,41 mg/kg som blei funne i brosme frå Vatsfjorden i denne studien. Ved Metteneset hadde brosmene ein metylkvikksølvkonsentrasjon på 0,21 mg/kg, noko som er mindre enn halvparten av metylkvikksølvkonsentrasjonen på 0,48 mg/kg, som blei funne i Indre Boknafjord i denne oppgåva. Grunnen til denne forskjellen kan vere at Indre Boknafjord bestod av fem stasjonar som var fordelt i ulike fjordsystem. To av stasjonane låg i den opne delen av Boknafjorden, mens tre av stasjonane låg i same fjordsystem som brosmene frå Metteneset.

Totalkvikksovkkonsentrasjonen i filet av brosmene som blei fanga i Hardangerfjorden (ved Steinstøberget) var $0,63 \pm 0,38$ mg/kg. Dette er lågare enn den gjennomsnittlege konsentrasjonen på $1,00 \pm 0,35$ mg/kg som blei målt i brosmene frå Steinstøberget av Måge et.al (2012). Brosmene som blei fanga i den tidlegare studien var i snitt 65 cm, og dermed større enn brosmene i denne oppgåva som var 56 cm. Forskjellane i størrelse kan forklare kvifor totalkvikksovkkonsentrasjonen var høgare i NIFES-rapporten. I figur 4.9 var den matematiske formelen for kurva til brosmene frå Hardangerfjorden oppgitt, og ved å sette inn $x = 65$ cm i formelen, kan ein estimera konsentrasjon brosmene i denne oppgåva ville hatt om dei var 65 cm. Ved å rekne dette ut fekk ein $y = 0,86$ mg/kg. Brosmene i NIFES-rapporten hadde derfor litt høgare kvikksovkkonsentrasjonar, sjølv om ein tok høgde for lengdeforskjellen. Dette kan komme av biologisk variasjon. Figur 4.9 viste dessutan at mange av punkta i grafen låg høgare på plottet enn for Hardangerfjordkurva, og det var derfor ei usikkerheit i figuren. Standardavvika som blei rekna ut for desse lokalitetane var like, og var 0,35 og 0,38 for høvesvis NIFES-rapporten og denne studien. Forskjellen i kvikksovkkonsentrasjon mellom desse to studiane var altså mindre enn eit standardavvik, og forskjellen var derfor truleg ikkje signifikant.

Den gjennomsnittlege totalkvikksovkkonsentrasjonen i brosme frå Lofoten som blei bestemt i denne oppgåva var 0,18 mg/kg, og den gjennomsnittlege lengda var 51 cm. Brosmene blei fanga på nordsida av Lofoten. Totalkvikksovkkonsentrasjonen i brosmer frå Lofoten var òg blitt bestemt i ein NIVA-rapport (Beylish og Ruus, 2011), og i gjennomsnitt hadde brosmene ei totalkvikksovkkonsentrasjon på 0,31 mg/kg. Desse brosmene blei derimot fanga på sørsida av Lofoten (i Vestfjorden), men desse lokalitetane var ikkje geografisk langt frå kvarandre og kunne derfor samanliknast. Gjennomsnittslengda til brosmene var 64 cm i denne NIVA-undersøkinga. Brosmene i NIVA-rapporten var altså lengre enn brosmene i denne oppgåva, og det var derfor rimelig at dei hadde høgare kvikksovkkonsentrasjonar. I figur 4.9 blei korrelasjonskurva til brosmene frå Lofoten beskrive matematisk, og ved å sette $x = 64$ cm inn i likninga fann ein $y = 0,25$ mg/kg. Denne verdien var på nivå med verdien på 0,31 mg/kg som blei funne i Niva-rapporten, og konsentrasjonane som blei funne i desse studiane var relativt like.

5.4 Kvikksølvkonsentrasjon i lever

Konsentrasjonane av totalkvikksølv i lever var for det meste høgare enn konsentrasjonane av metylvikksølv. Dei gjennomsnittlege total- og metylvikksølvkonsentrasjonane var høvesvis $0,52 \pm 0,78$ og $0,17 \pm 0,16$. Det var stor spreiing i dataa, og dette kan skyldast biologisk variasjon i størrelse og leverstørrelse mellom brosmene. I tillegg kan det vere varierende grad av forureining mellom lokalitetane kor det blei fanga fisk. Brosmene frå Hardangerfjorden hadde dei høgaste gjennomsnittlege total- og metylvikksølvkonsentrasjonane i lever, som var høvesvis $1,0 \pm 1,3$ mg/kg og $0,29 \pm 0,22$ mg/kg. Konsentrasjonane av total- og metylvikksølv i lever av brosme var lågast i Lofoten, kor konsentrasjonane var høvesvis $0,10 \pm 0,05$ mg/kg og $0,051 \pm 0,017$ mg/kg. Dette tydar på at kvikksølvkonsentrasjonane i lever var høge, når kvikksølvkonsentrasjonane i filet var høge.

Kvikksølvkonsentrasjonen i lever såg ut til å variere med kjønnet på fisken. Hoene hadde i gjennomsnitt høgare konsentrasjonar av total- og metylvikksølv ved alle lokalitetar. Spesielt totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever var høgare for hoene, og ofte hadde hoene dobbelt så stor totalkvikksølvkonsentrasjon i levra som hannane. Ettersom hannane i snitt var større enn hoene ved alle lokalitetane, så skuldas ikkje forskjellen i kvikksølvkonsentrasjon i lever størrelse. Forskjellen kan kanskje skuldast at hoene må bruke energi på å produsera egg til gytinga, noko som kostar energi. Energien blir i så fall henta frå lipidlageret i lever, noko som gjer levra mindre. Kvikksølvinnhaldet i levra blir likevel uendra, og dermed så aukar kvikksølvkonsentrasjonen. Dette kan òg forklare kvifor det ikkje er noko særleg forskjell mellom kjønna i kvikksølvkonsentrasjon i filet, ettersom det er lite feitt i filet av brosme. Det var likevel ingen signifikant forskjell i totalkvikksølvkonsentrasjon mellom kjønna, verken mellom kjønna frå dei forskjellige lokalitetane, eller mellom kjønna frå alle lokalitetane. Dette skyldast sannsynlegvis store standardavvik for totalkvikksølvkonsentrasjonane i levrane til hoene.

Både totalkvikksølvkonsentrasjonen og metylvikksølvkonsentrasjonen i lever var korrelert med lengda av fisken i Indre Boknafjord og Hardangerfjorden, men ikkje for dei andre lokalitetane. Dette kan kanskje forklarast med at kvikksølv-

konsentrasjonane i lever ikkje såg ut til å auke nemneverdig før fiskane hadde vore utsatt for ein viss grad av kvikksølvforeining. Dette har blant anna blitt vist i sebrafisk (Gonzalez et.al, 2005).

Den gjennomsnittlege metylkvikksølvandelen i lever var $48 \pm 18\%$, med variasjonar 12 % og 110 %. Den lågaste gjennomsnittlege metylkvikksølvandelen var på $39 \pm 16\%$, og blei funne i brosmer frå Hardangerfjorden. Brosmene med høgast gjennomsnittleg metylkvikksølvandel i lever kom frå Vatsfjorden, og hadde $56 \pm 24\%$ metylkvikksølv i levra. Det blei vist at den prosentvise andelen metylkvikksølv i lever var signifikant negativt korrelert med totalkvikksølvkonsentrasjonen i lever. Denne samanhengen blei òg funne i ein tidlegare studie av Gonzalez et.al (2005). I denne studien blei sebrafisk fôra med ein diett kontaminert med metylkvikksølv.

Sebrafiskane blei fôra i 63 dagar, og metylkvikksølvandelen i lever blei bestemt etter 0, 7, 21 og 63 dagar. I denne 63 dagar lange perioden auka dei gjennomsnittlege totalkvikksølvkonsentrasjonane i lever frå rundt 0 µg/g tv, til rundt 40 µg/g tv. Andelen metylkvikksølv i lever blei redusert frå $66 \pm 16\%$ ved starten av eksperimentet, til $36 \pm 8\%$ etter 63 dagar. Dette tydar på at fisk med høge totalkvikksølv i lever, generelt sett har låge andalar av metylkvikksølv i lever. Dette kan kanskje skuldast at konsentrasjonen av uorganisk kvikksølv aukar fortare i lever enn metylkvikksølv, sidan metylkvikksølv først og fremst bind seg til fileten på fisken.

Brosmene frå Vatsfjorden hadde i gjennomsnitt ei totalkvikksølvkonsentrasjon i levra på 0,21 mg/kg. I 2009 blei leverkonsentrasjonane til brosmer frå Mula og Metteneset analysert av NIVA (Kvassnes et.al, 2010), og totalkvikksølvkonsentrasjonane i lever var høvesvis 0,22 mg/kg og 0,10 mg/kg. Begge desse lokalitetane låg som nemnt i Yrkjefjorden, men spesielt Mula låg veldig nær Vatsfjordinngangen, og det var derfor mest naturleg å samanlikna desse to. Ein av stasjonane kor det blei fanga brosmer til Indre Boknafjord låg i nærleiken av Metteneset, og desse blei samanlikna.

Totalkvikksølvkonsentrasjonane som blei funne i Vatsfjorden og ved Mula var nesten identiske. I Indre Boknafjord hadde brosmene ein gjennomsnittleg totalkvikksølvkonsentrasjon på 0,50 mg/kg, noko som var fem gonger så mykje som i brosmene ved Metteneset.

5.5 Forholdet mellom kvikksølv i filet og lever

Dei gjennomsnittlege totalkvikksølvkonsentrasjonane til brosmene var lågare i lever enn i filet, bortsett frå i Hardangerfjorden. Der var den gjennomsnittlege totale kvikksølvkonsentrasjonen i lever på heile $1,0 \pm 1,3$ mg/kg, nesten dobbelt så høg som den gjennomsnittlege kvikksølvkonsentrasjonen i filet på $0,63 \pm 0,38$ mg/kg. Det var i likevel berre sju brosmer frå Hardangerfjorden som hadde kvikksølvkonsentrasjonar høgare enn 1,0 mg/kg, og desse drog gjennomsnittet kraftig opp. Medianen til totalkvikksølvkonsentrasjonane i lever frå Hardangerfjorden var 0,49 mg/kg. I tillegg blei det vist at brosmer av hokjønn i snitt hadde høgare totalkvikksølvkonsentrasjonar i lever enn hannar, og at det var heile 77 % hannar i Hardangerfjorden. Dette tydar på at den gjennomsnittlege totalkvikksølv-konsentrasjonen i lever av brosme frå Hardangerfjorden kunne vere høgare, dersom kjønnsfordelinga var rundt 50 % av kvart kjønn.

Lever-muskel indeksen for totalkvikksølvkonsentrasjon har tidlegare blitt brukt til å indikere kor forureina fisk er (Havelková et.al, 2008; Raldúa, 2007), dersom lever-muskel indeksen er større enn 1,00 (dvs. kvikksølvkonsentrasjonen i lever er større enn i filet), indikerer det nyleg forureining. Brosmene frå alle lokalitetane bortsett frå Hardangerfjorden hadde gjennomsnittlege lever-muskel indeksar som var lågare enn 1,00. Lever-muskel indeksen for totalkvikksølv som blei funne for brosmer frå Hardangerfjorden var på heile 1,4, og dette tyder på at den undersøkte lokaliteten i Hardangerfjorden er kvikksølvforureina. Brosmene frå Vatsfjorden og Lofoten hadde gjennomsnittlege konsentrasjonar av totalkvikksølv i filet, som var omtrent dobbelt så høge som konsentrasjonane i lever. Lever-muskel indeksane var på høvesvis 0,50 og 0,58. Dette tydde på at desse lokalitetane ikkje var særlig forureina av kvikksølv. Det var litt overraskande å finne at lever-muskel indeksen frå Lofoten var høgare enn den frå Vatsfjorden. Vestlandskysten og fjordane er generelt meir forureina av kvikksølv enn område lenger nord, men dette tydde likevel på at Vatsfjorden og Lofoten er omtrent like lite forureina av kvikksølv. Både i Ryfylke og i Indre Boknafjord var dei gjennomsnittlege totale kvikksølvkonsentrasjonane i filet av brosme omtrent like høge som i lever. Brosmene frå Ryfylke og Indre Boknafjord hadde gjennomsnittlege lever-muskel indeksar på høvesvis 0,78 og 0,81. Dette

skyldas at nokre brosmer hadde relativt høge totalkvikksølvkonsentrasjonar i lever, og andre hadde relativt låge konsentrasjonar. Dette kan tyde på at brosmene frå desse lokalitetane var meir forureina av kvikksølv enn brosmene frå Vatsfjorden og Lofoten, men mindre forureina enn brosmene frå Hardangerfjorden.

Både total- og metylkvikksølvkonsentrasjonen i lever av brosme var signifikant positivt korrelert med kvikksølvkonsentrasjonen i filet. Ved låge konsentrasjonar av kvikksølv i filet av brosme auka konsentrasjonen av total- og metylkvikksølv i lever omtrent like fort, men ved ein konsentrasjon på rundt 0,4 - 0,6 mg/kg i filet, begynte konsentrasjonen av totalkvikksølv i lever av brosme å auke fortare enn konsentrasjonen av metylkvikksølv. I tidlegare studiar har det vore argumentert for ei mulig demetylering av metylkvikksølv i fiskelever. Ifølge denne hypotesa blir metylkvikksølv transportert til levra og omgjort til uorganisk kvikksølv når konsentrasjonen i filet kjem over eit visst nivå (Havelková, et.al, 2008; Gonzalez, et.al 2005). Her er det vist at metylkvikksølvandelen i lever minkar med aukande kvikksølvkonsentrasjon i filet, og med aukande totalkvikksølvkonsentrasjon i lever. Dette kan ha skjedd ved at metylkvikksølv har blitt demetylert i lever, men det fins andre mulige forklaringar òg. Det uorganiske kvikksølvet kan ha komme frå andre stadar, til dømes er det mulig at det uorganiske kvikksølvet tas opp gjennom vatnet eller føde og transporterast direkte til levra.

Andelen metylkvikksølv i lever av brosme minka med aukande konsentrasjon av kvikksølv i filet. Det blei vist at brosmer med høg kvikksølvkonsentrasjon i lever hadde låge andelar av metylkvikksølv i lever, og at dei med låge konsentrasjonar i lever hadde høge metylkvikksølvandelar i lever. Variasjonane mellom dei gjennomsnittlege andelane av metylkvikksølv i brosmer frå dei ulike lokalitetane var små, men forskjellen mellom den minste og den største andelen utgjorde 17 prosentpoeng. Brosmene frå Vatsfjorden og Lofoten, der dei lågaste kvikksølvkonsentrasjonane i filet blei målt, hadde metylkvikksølvandelar i lever på rundt 55%. Brosmene frå Hardangerfjorden, som var den lokaliteten med høgast kvikksølvkonsentrasjon i filet, hadde ein metylkvikksølvandel på 39 % i lever. Dette tydar på at andelen metylkvikksølv i lever er lågast i dei mest forureina lokalitetane.

Lever-muskel indeksane for metylkvikksølv var i snitt 0,36, og dei gjennomsnittlege indeksane for dei ulike lokalitetane låg mellom 0,24 og 0,43. I ei tidlegare masteroppgåve blei metylkvikksølvkonsentrasjonane i filet og lever av brosme frå Hardangerfjorden bestemt (Lindgren, 2012). Det blei funne eit resultat som viste at den gjennomsnittlege metylkvikksølvkonsentrasjonen i lever var omtrent lik metylkvikksølvkonsentrasjonen i filet, det vil seie at lever-muskel indeksen til metylkvikksølv var omtrent 1. Det resultatet var ulikt resultatet frå denne masteroppgåva. Det blei vist at metylkvikksølvkonsentrasjonen i lever auka med aukande kvikksølvkonsentrasjon i filet, og brosmene frå Lindgren si masteroppgåve hadde høgare metylkvikksølvkonsentrasjonar i filet enn brosmene i denne oppgåva. Dette er truleg grunnen til at det blei funne ulike lever-muskel indeksar for metylkvikksølv i desse to studiane.

5.6 Samanlikning av kvikksølvkonsentrasjon i brosme og andre fiskeslag frå ulike delar av kysten:

I tidlegare studiar har det blitt funne forskjellige kvikksølvkonsentrasjonar i ulike delar av landet, i ulike fiskeslag.

Tabell 5.1: Totalkvikksølvkonsentrasjonane i filet og lever av brosme, lange, blålange, torsk, sei og sild frå ulike delar av landet som er blitt målt i tidlegare studiar. Dersom det er fleire målingar frå same stad, vises den minste og den største konsentrasjonen.

| Fiskeart | Område | Region | Total Hg konsentrasjon (mg/kg) Filet | Total Hg konsentrasjon (mg/kg) Lever | Fangst År |
|---|-------------------|--|---|---|---------------|
| Brosme (<i>Brosme brosme</i>) | Metteneset | Boknafjorden, Vestlandet * Hardangerfjorden, Vestlandet ^{+ - c} | 0,22-0,31 | 0,10 | 2009- 2013 |
| | Mula | | 0,35-0,43 | 0,22 | |
| | Steinstøberget | | 1,00 | | 2010- 2011 |
| | Djørno | | 2,88 | | |
| | Tyssedal | | 1,91 | | |
| | Sørfjord | | 1,7 | 7,3 | 2008 |
| | Akrafjorden | | 0,40 | | 2011 |
| | Høyangsfjorden | | 0,44 | | 2011 |
| | Storfjorden | | 0,22 | | 2011 |
| | Saltenområdet | | 0,47-0,61 | 0,27-0,76 | 2012 |
| | Lofoten | | 0,31 | | 2011 |
| | Skagerrak | | 0,44 | | 2008 |
| | Nordsjøen | | 0,30 | | 2008 |
| | Norskehavet | | 0,11-0,15 | | 2008 |
| Blålange (<i>Molva dypterygia</i>) | Atlanterhavet | | 0,13-0,23 | | 2008 |
| | Barentshavet | | 0,08-0,12 | | 2008 |
| | Steinstøberget | Hardangerfjorden, Vestlandet ⁺ | 1,38 | | 2011 |
| | Eidsfjord | | 1,67 | | |
| Lange (<i>Molva molva</i>) | Tyssedal/Edna | | 1,06 | | |
| | Hauso | Hardangerfjorden, Vestlandet ^d | 0,21-2,22 | | 2003- 2004 |
| | Trondheimsfjorden | | 0,10-0,32 | | |
| Torsk (<i>Gadus morhua</i>) | Metteneset | Boknafjorden, Vestlandet * ^{e h} | 0,076-0,09 | 0,018-0,06 | 2009- 2013 |
| | Vats | | 0,058-0,087 | 0,025-0,07 | |
| | Raunes | | 0,05-0,13 | 0,021-0,057 | |
| | Eikanes | | 0,15 | 0,15 | 2013 |
| | Ryfylke | | 0,13 | 0,07 | 2010- 2011 |
| | Hardangerfjord | | 0,19 | 0,18 | |
| | Sognefjord | | 0,18 | 0,17 | |
| | Vikna | | 0,063 | 0,032 | |
| | Lofoten | | 0,071 | 0,028 | |
| | Norskehavet | | 0,11 | 0,051 | |
| | Barentshavet | | 0,036 | 0,020 | 2009- 2010 |
| Sei (<i>Pollachius virens</i>) | Barentshavet | Hav ^f | 0,023 | | 2011- 2013 |
| | Norskehavet | | 0,060 | | |
| | Nordsjøen | | 0,066 | 0,020 | |
| Sild (<i>Clupea harengus</i>) | Norskehavet | Hav ^g | 0,039 | | 2006- 2007 |

* Dataa er henta frå (Kvassnes et.al, 2010; Kvassnes et.al, 2011; Kvassnes og Hobæk, 2012; Kvassnes et.al, 2013; Beyer et.al, 2014)

⁺ Dataa er henta frå (Måge et.al, 2012)

⁻ Dataa er henta frå (Beylich og Ruus, 2011)

^a Dataa er henta frå (Berge et.al, 2007)

^b Dataa er henta frå (Julshamn et.al 2013a)

^c Dataa er henta frå (Kvargasnes et.al 2012)

^d Dataa er henta frå (VKM, 2005)

^e Dataa er henta frå (Julshamn et.al, 2013b; Julshamn et.al, 2013c)

^f Dataa er henta frå (Nilsen et.al, 2013a; Nilsen et.al, 2013b)

^g Dataa er henta frå (Frantzen et.al, 2009)

^h Dataa er henta frå (Frantzen og Måge, 2014)

I tabell 5.1 er totalkvikksølvkonsentrasjonane i filet og lever for nokre fiskeslag som er blitt analysert i tidlegare studiar presentert. Her ser ein at spesielt djupvassfisk har høge kvikksølvkonsentrasjonar. Brosmer frå fjordane på Vestlandet generelt hadde gjennomsnittskonsentrasjonar mellom 0,20 mg/kg og 0,40 mg/kg, men Hardangerfjorden skilte seg ut med spesielt høge kvikksølvkonsentrasjonar. Dette passar overeins med observasjonane som blei gjort i denne oppgåva, kor brosmene frå Hardangerfjorden var meir kontaminerte enn brosmene frå Boknafjorden. I Nordnoreg blei det funne relativt høge kvikksølvkonsentrasjonar mellom 0,47 og 0,61 mg/kg i Saltenområdet, men i Lofoten var den gjennomsnittlege konsentrasjonen av totalkvikksølv berre 0,31 mg/kg. Som nemnt tidlegare passa resultatet frå brosmene i Lofoten godt overeins med resultata i denne oppgåva. I Nordsjøen og Skagerrak hadde brosmene kvikksølvkonsentrasjonar i fileten på høvesvis 0,30 og 0,44 mg/kg, men elles var kvikksølvkonsentrasjonane i brosme frå havområda låge og låg mellom 0,08 og 0,23 mg/kg. I Hardangerfjorden hadde både Lange og Blålange høge kvikksølvkonsentrasjonar i filet, men lange hadde ein gjennomsnittleg konsentrasjon i filet på berre 0,28 mg/kg i Trondheimsfjorden. Torsk, sei og sild hadde mykje lågare kvikksølvkonsentrasjonar i filet og lever enn djupvassfiskane, og dette kjem av variasjon mellom artane som, levevis, levetid og trofisk nivå. Sei og sild hadde kvikksølvkonsentrasjonar mellom 0,023 og 0,066 mg/kg i fileten, noko som var rundt 10 gonger så låge konsentrasjonar som i djupvassfiskane. Torsk frå Barentshavet hadde omtrent same kvikksølvkonsentrasjon i filet som sei og sild, men torsk frå Nordsjøen hadde ein konsentrasjon i filet på heile 0,11 mg/kg. I fjordane var kvikksølvkonsentrasjonane i torsk høgare. I Hardangerfjorden og Sognefjorden var kvikksølvkonsentrasjonen i filet høvesvis 0,19 og 0,18 mg/kg, og konsentrasjonen i lever var høvesvis 0,18 og 0,17 mg/kg. Dette tydar på at torsk i desse områda var kontaminert, ettersom kvikksølvkonsentrasjonen i filet var lik konsentrasjonen i lever. I Ryfylke (Ytre Boknafjord) var konsentrasjonen på 0,13 mg/kg, men kvikksølvkonsentrasjonen i lever var ikkje større enn 0,07 mg/kg, noko som tyder på at forureininga av kvikksølv var mindre der. I Vatsfjorden og Yrkjefjorden (Metteneset, Vats og Raunes) var kvikksølvkonsentrasjonane i torsk omtrent på nivå med torskane i havet. Torskane frå Midtnoreg og Nordnoreg hadde låge

kvikksølvkonsentrasjonar i filet og lever. Dette tyder på at resultata i denne oppgåva passar bra overeins med tidlegare studiar.

5.7 Ernæringsmessige aspekt

Brosmene frå Ryfylke, Indre Boknafjord og Hardangerfjorden hadde gjennomsnittskonsentrasjonar av kvikksølv i filet over 0,50 mg/kg, som er Noreg og EU si øvre grense for lovleg omsetjing av fisk til humant konsum (EU, 2006). I Ryfylke og Indre Boknafjord hadde høvesvis 14 av 23 (61 %) og 13 av 28 (46 %) av brosmene totalkvikksølvkonsentrasjonar over denne grensa. Dette kom truleg av at brosmene som blei fanga der var forholdsvis store, men dei største brosmene blei fanga i Vatsfjorden, kor berre 2 av 10 (20%) hadde kvikksølvkonsentrasjonar over grenseverdien. I Hardangerfjorden hadde 10 av 26 (39 %) brosmer totalkvikksølvkonsentrasjonar over 0,50 mg/kg. Tidligare rapportar av brosmer frå Hardangerfjorden viser gjennomsnittlige totalkvikksølvkonsentrasjonar som var over 1,0 mg/kg (Kvangersnes et.al, 2012; Måge et.al, 2012). Ved Lofoten var det ingen brosmer som oversteig grensa på 0,50 mg/kg.

Den kortaste brosma som oversteig grenseverdien på 0,50 mg/kg kom frå Hardangerfjorden og var berre 47 cm, noko som tydde på at berre små brosmer frå denne lokaliteten hadde låge nok kvikksølvkonsentrasjonar i filet til å omsettast. I Ryfylke og Indre Boknafjord var dei kortaste brosmene som oversteig grenseverdien 60 cm, mens i Vatsfjorden var dei 80 cm. I Lofoten kunne ein truleg omsetja brosmer uansett kor store dei var.

Metylkvikksølv har ein TWI (tolerabel vekeleg inntaksgrense) på 1,3 µg metylkvikksølv per kg kroppsvekt per veke (EFSA, 2012), noko som betyr at ein person på 70 kg kan tolerere eit inntak på 91 µg metylkvikksølv per veke. Brosmene hadde tilnærma 100 % av totalkvikksølvet i fileten i form av metylkvikksølv, og ein porsjon brosmefilet frå Hardangerfjorden måtte vere på maks 140 g dersom ein ikkje ville overstige TWI for metylkvikksølv. Dessutan kunne ein ikkje ete noko anna som inneheld metylkvikksølv resten av veka, utan å overstige TWI. Åt ein brosme frå Lofoten kunne ein derimot ete 500 g før ein TWI-grensa på 91 µg blei overskrid, det

vil seie rundt to måltid å 250 g. Små born på 10 kg ville likevel ikkje kunne få i seg meir enn 20 og 70 g brosmefilet frå høvesvis Hardangerfjorden og Lofoten utan å overstige TWI. 70 g er likevel ein stor porsjon til ein unge på 10 kg. Små born og gravide kvinner bør derfor unngå inntak av for mykje filet av brosme. Brosme er ikkje ein fisk som det er vanleg å ete, og det er derfor liten risiko for stort metylkvikksølvopptak i befolkninga.

Det finnes ikkje nokon grenseverdi for kvikksølv i Noreg og EU, for lovleg omsetting av fiskelever. Kor mykje ein kan ete utan å overgå TWI er litt vanskeligare å bestemme når ein snakkar om lever, sidan andelen av metylkvikksølv varierer så mykje mellom brosmene og ein må ta hensyn til TWI for både uorganisk kvikksølv og metylkvikksølv. Dersom ein tar utgangspunkt i gjennomsnittsbrosma frå Hardangerfjorden og Lofoten så kan ein finne ut kor mykje uorganisk kvikksølv det er i levra ved å trekke konsentrasjonen av metylkvikksølv frå totalkvikksølv. TWI for uorganisk kvikksølv er 4,0 µg kvikksølv per kg kroppsvekt, noko som betyr at ein person på 70 kg kan ha eit inntak på 280 µg uorganisk kvikksølv per veke. På dette viset kan ein rekne seg fram til det inntaket av lever som verken overgår TWI for uorganisk kvikksølv eller metylkvikksølv. Ein person på 70 kg kan ete rundt 310 g brosmelever frå Hardangerfjorden i veka, mens ein kan ete over 1,8 kg brosmelever frå Lofoten i veka utan å overgå TWI for verken uorganisk kvikksølv eller metylkvikksølv. Personar på 10 kg kan berre tolerere eit inntak av brosme lever frå Hardangerfjorden og Lofoten, på høvesvis 45 og 250 g utan å overstige TWI for metylkvikksølv eller uorganisk kvikksølv. Fiskelever inneheld likevel ofte relativt høge konsentrasjonar av organiske miljøgifter som polyklorerte bifenylar (PCB) og dioksin. Dette gjeld særleg langs kysten og i fjordane, og mattilsynet har derfor anbefalt å ikkje ete lever av sjølvfanga fisk frå kysten og fjordane. Barn og kvinner i fruktbar alder anbefalast dessutan å ikkje ete fiskelever (matportalen.no).

6. Konklusjonar

Brosmene frå Hardangerfjorden hadde dei høgaste gjennomsnittlege kvikksølvkonsentrasjonane i både filet og lever, sjølv om dette var relativt små fiskar. Når størrelsen på fisken var tatt høgde for, viste det seg at desse kvikksølvkonsentrasjonane var signifikant høgare enn konsentrasjonane i brosmene frå Boknafjorden. Brosmene frå Hardangerfjorden hadde dessutan den klart høgaste lever-muskel indeksen og lågast andel metylvikksølv i lever. Ut frå desse resultata ser det ut til at Boknafjorden er mindre forureina av kvikksølv enn det undersøkte området i Hardangerfjorden.

Bortsett frå brosmene frå Hardangerfjorden, hadde brosmene frå Boknafjordlokalitetane klart høgare kvikksølvkonsentrasjonar i filet og lever enn brosmene frå Lofoten. Fisken frå Boknafjorden var større enn dei frå Lofoten, men når størrelse var blitt tatt høgde for viste det seg likevel at brosmene frå Ryfylke og Indre Boknafjord, men ikkje Vatsfjorden, hadde signifikant høgare kvikksølvkonsentrasjonar i filet og lever enn brosmene frå Lofoten. Brosmene frå Ryfylke og Indre Boknafjord hadde dessutan høgare lever-muskel indeks og lågare andel metylvikksølv i lever, enn brosmene frå Vatsfjorden og Lofoten. Vatsfjorden var den lokaliteten med lågast lever-muskel indeks og høgast metylvikksølvandel i lever. Det ser altså ut til at størstedelen av Boknafjorden er meir forureina av kvikksølv enn den undersøkte lokaliteten i Lofoten. Vatsfjorden ikkje same trend som dei andre lokalitetane i Boknafjorden.

7. Kjelder

Aas W., Solberg S., Manø S. og Yttri K.E., 2013. "Overvåking av langtransportert forurensset luft og nedbør. Atmosfæriske tilførsler, 2012". Utført av NILU (Norsk Institutt for Luftforskning). Klima- og forurensingsdirektoratet (KLIF), rapportnummer 1148 /2013. 211 sider.

Agilent technologies Inc, 2005. Inductively Coupled Plasma Mass Spectrometry, A primer. s.1-81.

Amlund H., Lundebye A.K. og Berntssen M.H.G., 2007. "Accumulation and elimination of methylmercury in Atlantic cod (*Gadus morhua* L.) following dietary exposure". Aquatic Toxicology 83, s. 323-330.

Aune, T. 2007. Næringsmiddeltoksikologi: Tilsetningsstoffer, miljøgifter og naturlige toksiner, 2. utgave, Høyskoleforlaget., Kristiansand. 358 sider.

Baeyens, W., Leermakers, M., Papina, T., Saprykin, A., Brion, N., Noyen, J., De Gieter, M. og Elskens, M., 2003. "Bioconcentration and Biomagnification of Mercury and Methylmercury in North Sea and Scheldt Estuary Fish". Archives of Environmental Contamination and Toxicology. 45, s 498-508.

Baird, C., Cann, M.C., 2008. Environmental chemistry, fourth edition. W. H. Freeman and company, New York. 773 sider.

Bakir, F., Damluji, S.F., Amin-Zaki, L. Murtadha, A., Khalidi, A., Al-Rawi, N.Y., Tikriti, S., Dhahir, H.I., Clarkson, T.W, Smith, J.C. og Doherty, R.A., 1973. "Methylmercury Poisoning in Iraq". Science. 181: s. 230-241.

Berg T., Fjeld E., Skjelkvåle B.L., Steinnes E., 2003. "Relativ betydning av nasjonale metallutslipp i forhold til avsetning fra atmosfærisk langtransport og naturlige kilder". NILU, prosjektnummer O-102121, 80 sider.

Berge J.A., Schlabach M. og Hareide N.R., 2007. "Kartlegging av bromerte flammehemmere, klor- og bromorganiske forbindelser, kvikksølv og metylkviksølv i fjorder nær Ålesund". NIVA, rapportnummer 982 /2007. 102 sider.

- Beyer J., Kvassnes A.J.S., Hobæk A. Beylich B.A. og Johnsen T., 2014. "Årsrapport for miljøovervåkning rundt AF Miljøbase Vats for 2013". NIVA, 6673-2014. 135 sider.
- Beylich B. og Ruus A., 2011. "Overvåkning av miljøgifter i dypvannsfisk". NIVA, rapportnummer 2872-2011. 67 sider.
- Bloom N.S., 1992. "On the Chemical Form of Mercury in Edible Fish and Marine Invertebrate Tissue". *Can. J. Fish. Aquat. Sci.* 49: 1010-1017.
- Castoldi A.F., Coccini T., Ceccatelli S. og Manzo L., 2001. "Neurotoxicity and molecular effects of methylmercury". *Brain Research Bulletin*, 55: s.197-203.
- Celo, V., Lean, D.R.S og Scott, S.L., 2006. "Abiotic methylation of mercury in the aquatic environment". *Science of the Total Environment*, 368: s 126-137.
- Chumchal M.M., Drenner R.W., Cross D.R. og Hambright K.D., 2010. "Factors influencing mercury accumulation in three species of forage fish from Caddo Lake, Texas, USA". *Journal of Environmental Sciences*, 22: s.1158-1163.
- Clarkson T.W. 2002. "The Three Modern Faces of Mercury". *Environmental Health Perspectives*, 110: s. 11-23.
- Clarkson T.W., Magos L., Myers G.J. 2003. "The toxicology of mercury – current exposures and clinical manifestations". *The New England Journal of Medicine*, 349: s.1731-1737.
- Cohen D.M., Inada T., Iwamoto T. og Scialabba N., 1990. "FAO species catalogue, Vol.10 gadiform fishes of the world, (Order Gadiformes), an annotated and Illustrated Catalogue of Cods, Hakes, Grenadiers and other Gadiform Fishes Known to Date". *FAO Fisheries Synopsis*, 10: s.29-31.
- Coultate, Tom. 2009. "Food, the chemistry of its components", 5th edition, RSC publishing, Cambridge. 501 sider.
- Díez S., 2008. "Human Health Effects of Methylmercury Exposure". *Reviews of Environmental Contamination and Toxicology*, 198: s. 111 – 132.

EFSA, 2012. Scientific Opinion on the risk for public health related to the presence of mercury and methylmercury in food. EFSA journal 2012; 10(12):2985. 177 sider.

Ellis. H., Harrison R.D., Jenkins. H.D.B., 2007. Book of data, Revised Nuffield advanced science, revised edition, Longman group limited. 151 sider.

EU, 2006. "Setting maximum levels for certain contaminants in foodstuffs". Commission regulation (EC) No 1881/2006. 24 sider.

Frantzen S., Furevik D., Ulvestad B.H., Måge A., 2014. "Rapport 2013 - Kvikksølvinnhold i fisk og annen sjømat ved vraket av U-864 vest av Fedje – Nye analyser i 2013". NIFES, 20 sider.

Frantzen S., Måge A. og Julshamn K., 2009. "Basisundersøkelse av fremmedstoffer i Norsk Vårgytende Sild". Nifes, Bergen. 24 sider.

Frantzen S. og Måge A., 2014. "Rapport 2013 - Metaller og organiske miljøgifter i sjømat fra Vatsfjorden". NIFES, 28 sider.

Gonzalez, P., Dominique, Y., Massabuau, J.C., Boudou, A. og Bourdineaud, J.P., 2005. "Comparative Effects of Dietary Methylmercury on Gene Expression in Liver, Skeletal Muscle, and Brain of the Zebrafish (*Danio rerio*)". Environmental Science & Technology, 39: s. 3972-3980.

Green N.W., Skogen M., Aas W., Iosjpe M., Måge A., Breivik K., Yakushev E., Høgåsen T., Eckhardt S., Ledang A.B., Jaccard P.F., Staalstrøm A., Isachsen P.E. og Frantzen S., 2013. "Tilførselsprogrammet 2012. Overvåking av tilførsler og miljøtilstand i Barentshavet og Lofotenområdet". Klima- og forurensingsdirektoratet (KLIF). (Utført av NIVA, havforskningsinstituttet, NIFES, NILU, statens strålevern, Bjerknes Centre for Climate Research og Metrologisk institutt). 149 sider.

Gutiérrez-Mejía, E., Lares, M.L. og Sosa-Nishizaki, O., 2009. "Mercury and Arsenic in Muscle and Liver of the Golden Cownose Ray, *Rhinoptera steindachneri*, Evermann and Jenkins, 1891, from the Upper Gulf of California, México". Bulletin of Environmental Contamination and Toxicology 83: s. 230-234.

Harris D.C., 2010. Quantitative Chemical Analysis, 8th edition, W.H Freeman and Company, New York, USA. 719 sider.

Harris H.H., Pickering I.J., George G.N., 2003, "The Chemical Form of Mercury in Fish". Science, 301: s. 1203.

Harte, R., Sargent, M. og Harrington, C., 2002, "Guidelines of achieving high accuracy in isotope dilution mass spectrometry (IDMS)". Laboratory of the Government Chemist (The Royal Society of Chemistry). 46 sider.

Havarinasab, S. og P. Hultman (2005). "Organic mercury compounds and autoimmunity". Autoimmunity Reviews 4: s. 270-275.

Havelková, M., Dusek, L., Némethová, D., Poleszczuk, G. og Svobodová, Z., 2008. "Comparison of Mercury Distribution Between Liver and Muscle – A Biomonitoring Fish from Lightly and Heavily Contaminated Localities". Sensors 2008, 8, s. 4095-4109.

Havforskningsinstituttet, 13.10.14, kl. 15.23;

http://www.imr.no/images/bildearkiv/2010/01/brosme_norskehavet.jpg/nn-no?size=large

Helle, K., 2012. "Lange, brosme og blålange". "Havforskningsrapporten 2012, Fisken og havet", særnummer 1-2012. s.118-119.

Heumann, K.G., Gallus, S.M., Rädlinger G. og Vogl, J., 1998. "Accurate determination of element species by on-line coupling of chromatographic systems with ICP-MS using isotope dilution technique". Elsevier. Spectrochimica Acta Part B 53: s. 273-287.

Järup, L. 2003. "Hazards of heavy metal contamination". British Medical Bulletin, 68: s. 167-182.

Julshamn K., Duinker A. og Måge A., 2013a. "Rapport 2013. Innhold av kadmium og andre tungmetaller i filet og lever av fisk fanget i Saltenområdet, november-desember 2012. Nifes, s.1-14.

Julshamn K., Duinker A., Nilsen B.M., Nedreaas K. og Måge A., 2013b. "A baseline study of metals in cod (*Gadus morhua*) from the North Sea and coastal Norwegian waters, with focus on mercury, arsenic, cadmium and lead. Elsevier, Marine Pollution Bulletin, 72: s. 264-273.

Julshamn K., Duinker A., Nilsen B.M., Frantzen S., Måge A., Valdersnes S. og Nedreaas K., 2013c. "A baseline study of levels of mercury, arsenic, cadmium and lead in Northeast Arctic cod (*Gadus morhua*) from different parts of the Barents Sea". Elsevier, Marine Pollution Bulletin 67: s. 187-195.

Julshamn K., Maage A., Norli H.S., Grobecker K.H., Jorhem L. og Fecher P., 2007. "Determination of Arsenic, Cadmium, Mercury, and Lead by Inductively Coupled Plasma/Mass Spectrometry in Foods after Pressure Digestion: NMKL Interlaboratory Study". Journal of AOAC International, 90: s. 844-856.

Julshamn K., Ringdal O. og Braekkan O.R., 1982. "Mercury Concentration in Liver and Muscle of Cod (*Gadus morhua*) as an Evidence of Migration Between Waters with Different Levels of Mercury". Bull. Environm. Contam. Toxicol. 29: s. 544-549.

Julshamn K., Valdersnes S., Nilsen B. og Måge A., 2012. "Årsrapport 2011 Mattilsynet – Fremmedstoffer i villfisk med vekt på kystnære farvann: Delrapport II- Undersøkelser av hval. NIFES, 20 sider.

Klima- og forurensningsdirektoratet, 2010. "Handlingsplan for å redusere utslipp av kvikksølv". Oslo, Noreg. 23 sider.

Kryvi H., 1992. Kapittel 1 "Struktur", s. 7-33. "Fiskens Fysiologi", redigert av Døving K. og Reimers E., John Grieg Forlag.

Kvangarsnes K., 2010. "Kvikksølv i Brosme fiska langs den norske kyststraumen – samanlikning med brosme fiska nær U-864 utanfor Fedje og frå dei opne havområda". Masteroppgåve i miljøkjemi, Universitetet i Bergen, 109 sider.

Kvangarsnes K., Frantzen S., Julshamn K., Sæthre L.J., Nedreaas K. og Maage A., 2012. "Distribution of Mercury in a Gadoid Fish Species, Tusk (*Brosme brosme*), and Its Implication for Food Safety". Journal of Food Science and Engineering, 2: s. 603-615.

Kvassnes A.J.S., Hobæk A., Johnsen T., Walday M., Sweetman A.K., Gundersen H., Rygg B., Brkljacic M. og Borgersen G., 2010. "Årsrapport for miljøovervåkning rundt AF Miljøbase Vats for 2009". NIVA, rapportnummer 5928-2010. 159 sider.

Kvassnes A.J.S., Hobæk A. og Johnsen T., 2011. "Årsrapport for miljøovervåkning rundt AF Miljøbase Vats for 2010". NIVA, rapportnummer 6113-2011. 67 sider.

Kvasnes A.J.S. og Hobæk A., 2012. "Årsrapport for miljøovervåkning rundt AF Miljøbase Vats for 2011". NIVA, 6302-2012. 117 sider.

Kvasnes A.J.S., Hobæk A., Borgersen G., Gitmark J. og Johnsen T.M., 2013. "Årsrapport for miljøovervåkning rundt AF Miljøbase Vats for 2012". NIVA, 6456-2012. 277 sider.

Larose, C., Canuel, R., Lucotte, M. og Di Giulio, R.T, 2008. "Toxicological effects of methylmercury on walleye (*Sander vitreus*) and perch (*Perca flavescens*) from lakes of the boreal forest". ScienceDirect, Elsevier, CBP. Comparative Biochemistry and Physiology, Part C. 147: s. 139-149.

Leah, R.T, Evans, S.J., Johnson, M.S. og Collings, S., 1991. Marine pollution Bulletin. 22: s. 172-175.

Lin F.M., Malaiyandi M. og Romero-Sierra C. 1975. "Toxicity of Methylmercury: Effects on Different Ages of Rats". Buletin of Environmental Contamination & Toxicology. 14: s. 140-148.

Lindgren M., 2012. "Methylmercury in fish and shellfish – The distribution of methylmercury in fish and shellfish from the Hardangerfjord". Masteroppgåve i miljøkjemi, Universitetet i Bergen. 103 sider.

Lundebye A.K., Goksøyr A. og Måge A., 2001. Kapitel 10. "Kontaminanter", s. 173-185. Waagbø R., Espe M., Hamre K. og Lie Ø, 2001. "Fiskeernæring".
 ©Kystnæringen Forlag & Bokklubb AS, Bergen, Noreg.

Mathieson, S og McLusky, D.S., 1995. "Inter-Species Variation of Mercury in Skeletal Muscle of Five Fish Species from Inshore Waters of the Firth of Clyde, Scotland. Marine Pollution Bulletin. 30: s. 283-286.

Matportalen.no,

[http://www.matportalen.no/matvaregrupper/tema/fisk_og_skalldyr/ikke_spis_fiskeleve
r_fra_selvfangst-2](http://www.matportalen.no/matvaregrupper/tema/fisk_og_skalldyr/ikke_spis_fiskelever_fra_selvfangst-2), 18.11.2014, kl 22.00.

McAlpine D. og Araki S., 1958. "Minamata Disease, an unusual neurological disorder caused by contaminated fish". Special Articles, s. 629-631.

McIntyre, J.K. og Beauchamp, D.A., 2007. "Age and tropic position dominate bioaccumulation of mercury and organochlorines in the food web of Lake Washington". ScienceDirect, Science of the Total Environment. 372: s. 571-584.

McMeans, B.C., Svavarsson J., Dennard S. og Fisk A.T., 2010. "Diet and resource use among Greenland sharks (*Somniosus microcephalus*) and teleosts sampled in Icelandic waters, using $\delta^{13}\text{C}$, $\delta^{15}\text{N}$, and mercury". Can. J. Fish. Aquat. Sci.. 67: s. 1428-1438.

Mergler, D., Anderson, H.A., Chan, L.H.M., Mahaffey, K.R., Murray, M., Sakamoto, M. og Stern, A.H., 2007. "Methylmercury Exposure and Health Effects in Humans: A Worldwide Concern". Ambio Vol. 36: s. 1-11.

Miller, J.M., 2009. 'Chromatography Concepts and Contrasts', 2th edition. John Wiley and Sons, Inc. New Jersey, USA. 473 sider.

Måge, A., Bjelland, O., Olsvik, P., Nilsen, B., Julshamn, K., 2012. "Miljøgifter i fisk og fiskevarer 2011: Kvikksølv i djupvassfisk og skaldyr fra Hardangerfjorden samt miljøgifter i marine oljer". NIFES, 31 sider.

NIFES, 2013a. Metodebeskrivelse “197 – Multielement bestemmelse med induktivt koblet plasma-massespektrumfotometri (ICP-MS) etter våtoppslutning i mikrobølgeovn”, 13 sider.

NIFES, 2013b. Metodebeskrivelse “390-Metylkvikk-sølvbestemmelse v/isotopfortynning, GCICPMS”, 12 sider.

Nilssen B.M., Frantzen S., Julshamn K., Nedreaas K. og Måge A., 2013a. “Rapport 2012; Basisundersøkelse av fremmedstoffer i sei (*Pollachius virens*) fra Nordsjøen Sluttrapport for prosjektet Fremmedstoffer i villfisk med vekt på kystnære farvann”. NIFES, 57 sider.

Nilssen B.M., Julshamn K., Duinker A., Nedreaas K. og Måge A. 2013b. “Rapport 2013; Basisundersøkelse av fremmedstoffer i sei (*Pollachius virens*) fra Norskehavet og Barentshavet Sluttrapport”. NIFES, 44 sider.

Norris D.O., Camp J.M., Maldonado T.A. og Woodling J.D., 2000. “Some aspects of hepatic function in feral brown trout, *Salmo trutta*, living in metal contaminated water”. Biochemistry and Physiology Part C, 127: s. 71-78.

Olsvik, P.A., Lindgren, M. og Maage, A. 2013. “Mercury contamination in deep-water fish: Transcriptional responses in tusk (*Brosme brosme*) from a fjord gradient”. Aquatic Toxicology, s. 172-185.

Pavia D.L., Lampman G.M., Kriz G.S., Vyvyan J.R. 2009. Introduction to Spectroscopy, 4th edition, Brooks/Cole, Cengage Learning, Belmont, USA. 473 sider.

Pethon, P., 2005. “Aschehougs store fiskebok: Norges fisker i farger”, rev 5. H. Aschehougs & co. (W. Nygaard) A/S 1985. 468 sider.

Pirrone, N., Cinnirella, S., Feng, X., Finkelman, R.B., Friedli, H.R., Leaner, J., Mason, R., Mukherjee, A.B., Stracher, G.B. og Telmer, K. 2010. “Global mercury emissions to the atmosphere from anthropogenic and natural sources”. Atmospheric Chemistry and Physics. 10: s. 5951-5964.

Raldúa D., Díez S., Bayona J.P. og Barceló D., 2007. "Mercury levels and liver pathology in feral fish living in the vicinity of a mercury cell chlor-alkali factory". Chemosphere. 66: s. 1217-1225.

